

NSTITUTT FOR NORSK OKKUPASJONSHISTORIE

Postboks 924 - Sentrum, Oslo 1 - Telefon (02) 19 06 71



Oslo, den 20 mai 1981

Henviser til: KH/t

Herr Johs G Tofte

TOFTEVAAG

Hjertelig takk for hyggelig brev av 12 ds. Det gleder oss at De er villig til å skrive en "minneoppgave". Vi synes det er viktig å få ned mest mulig på papiret om NS-folks opplevelser før, under og etter okkupasjonen.

Vi har mottatt flere beretninger fra våre medlemmer, men responsen har dessverre ikke vært fullt så god som vi hadde ønsket. Det er selvfølgelig litt av et ork å sette seg ned for å skrive en slik beretning. Vi er imidlertid de som har maktet det, svært takknemlige.

Med vennlig hilsen
INSTITUIT FOR NORSK
OKKUPASJONSHISTORIE

Kåre Haugerud
formann

Sender vedlagt eit gjennemslag av den "minneoppgava" eg har sendt inn til rette vedk. -Den er vidare levert til dei fire døtrene mine, med eit gjennemslag til kvar.
-Skal gjea merksam paa at det er siste delen som handlar om det sokalla "rettsoppgjøret".

Toftevaag den 24 mai 1981.

Beste Helsing frå *Johs G. Tofte*

...som korkje fiskeridepartementet
eller Regjeringa har nok med i det
lengre vil kunne ha midlar ledige til
fri disponering for Regjeringa.

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

Johs. G. 70 år

Den kjende vestlandsfiskaren og fiskartillitsmannen Johs. G. Tofte, Toftevåg på Halsøy, fyller 70 år onsdag 12. november.

Han er frå Halsnøy og dreiv ei tid ein trevarefabrikk, men lengste tidi har han vore fiskar. I mange år var han ein drivande formann i Hordaland Fiskarlag, og han fekk m.a. den æra å få halda velkomsttalen for Nikita Krusjtsjov då han vitja Bergen.

Både i salslag og i faglag for fiskarane har Tofte hatt mange til-litsyrke. Han har òg drive forsøks-fiske etter å etter oppdrag frå Fis-keridirektoratet, frå Vestlandet og rådt nord til Troms. Og han har vore ein ihuga debattant om aktuelle fiskerispursmål, ikkje minst gjennom innlegg i dagspressa og bladet Fiskaren. I tidlegare Fjel-berg herad var han ei tid ordførar, og fekk god fart i m.a. vegbyg-gjungi. Seinare var han ogso skule-styreformann i Fjelberg. Og etter kommunenesamslåingi var Tofte òg med i Kvinnhead heradstyre og



formannskap, og i Kvinnherad sku-lestyre.

Vi ynskjer han til lukke med åremålsdagen.

Heilt siden 1945 har eg føraikra meg sjølv om at dersom eg opplevde sa farelderspensjon skulle eg take meg tid til å skrive ei sokalla memoarkbok, i sojess mange eks. at mine fire døtrer kunde få kvar si til bruk for seg sjølv og sine barn og etterkomrarar. Ettersom det no er utlyst ei slik minneoppgave vil eg mytta høve å skrive so mykje eg kann komme over til den opsette fristen fyrste juni 1981. So karr eg senda eit eks. til den utlyste konkurransen. "Oko presse rekner eg jen ingen muntre med, men ei litt vorn om at det kann verte arkivert i lag det andre kvar det vel vers. Det neste vil vere slike eg sjølv har sett og opplevt, men vil eg fyrst som ei orientering fortelje litt om det før mir og andre bygdefolk har fortalt meg.

-Eg er eldste son til Gjert Tofta, Loftavang på Halsnøy, og er fødd 18 nov. 1910. Han budde da han var "Bureast" sammen med foreldra sine, som hadde take av dette sambruket som sokalla vilkarsstykket til hjelp par sine gamle dager. Eg har seinare sjølv overteke bruket etter min far. Lei budde da alle i eit heller lite hus bygt trulegt i løpet. Det var godt bygt, men hadde berre to små stover ca. 6 m² hver lange, eit lite kjøkken, noko spartask innreda, eit lite soverom som ei ugjort syster til far min hadde rett på, og eit lite spisskammer med hyller. -Oftat var deilt i fire såne soverom. Huset var kvitalett på utsida, men på insida var det berre dør og gleslister som var mørke.

-Om kring 1800 telet budde det folk på mange av dyarne som ligg rundt her. Ia den sokalla Lauvøy budde ikkje mindre en fire familier i kvart sitt hus. Lei hadde fleire kyr der og sauvar, og driv jekt og fiske attast. Om kring 1880 budde det framleis mindre enn 4 larsser i same huset. Det var altså fire generasjoner og vart kalla "Gamlelars", "Storelars", "Mætelars" og "Fetelars" pluss syster til den siste som heitte Larsine! Fetelars var ein kjend murer som millom anna har mura kyrkrebrua på garden til Anders J. Tofta her på Halsnøy. Det er eit stort og fint utført arbeid som er i bruk endå.

Lei var eg frøn Ingeborg "Jertine" Livden som var fødd i 1872, og seinare gift med Nona Nebb, og levde til ho var tett på 100 år. Lei siste år var 88 år gammal som enkje. Eg besøkte henne den ho var 92 år. Ho fortalte da at ho som 16 års jente hadde vore med farsin til Bergen. Lei sigla tidlegt på morgonen, og kom til Bokken ved middagstid. Her fekk dei seg mat, og for so vidare og kom til byen i keldingen og fekk seg losji. Ia heimvegen den tredje degen var dei heldige og fekk nordavind som dei sigla like til bostatna i Lauvøy. Ia saten brukte dei på den tid "stoppe" kokt av poteter med litt salt til. Lei kunde og ha "smalt" laga av grisefett lett saltet. Kondesmør var barre til høgtidsbruk og når det kom freseende. Kokt fiskelever var også god mat meinte ho. So var det flatbryd og potetkeker og havregraut med surmajlk.

Johannes Eriksen var fødd i Lauvøy i 1897, han fortel at nær bestefar hans døydde vistnoka i 1912 og var tgravlagt på sid kyrkjegard, so var det ingen fast mann som tok opp graverne. Det vart dermed røye slik at alle munn-folk som var med i gravalet tok på seg arbeidsklær og på skjift kasta dei so på grava medan dei andre i fylgjet stod og vanta. Han forsikra at dette var sannt, han var sjølv med. Bestefaren som døydde heitte Johannes Kjeldevik, han døydde heime i Lauvøy medan kona hans som døydde ei vike før vart gravlagt. Ia 18 hundre talet budde det og folk på Halsnøy som ligg millom Halsnøy og Sunde. Likesavis budde det ein familie på Svindøy ved klosternes øst.

Millom Nalsndy og Nolsdy er det eit skjer som det like optil mi ungdomstid var mykje kobbe som la seg opp om kveldarne. "g"betelarsen" fras Lauvdy som eg hugsa svert godt hanta seg nokk ein gild steik på denne veide-plassen nær det passa han. Men fyrtst paa 18 hundre talet var det smaatt med meten hjøn slike sma-folk som dei i Nolsdy og Svindy, og det vart vermaast "krig" om retten til koblarne på denne staden. Ig desverre vart det tilslutt slik at den eine av sybuane skaut den andre ned med mundledninga som var laga til for ein kotre. Detta har før min fortalt som døyde da han var på 92 aar. Ig har og festt det bekrefta av Olai Lygre og bror hans, Johannes Lygre. Men om det Nolsdy-mannen eller Svindy-mannen som overlevde kunde ingen segja.

1

Ias Lauvdy budde det forutan dei fire famiarne, i siste helvta av 16 hundretalet ei halvgamel sokalla "attegldyme" (ugift). Ho hadde berre ei geit. Ein ~~skikkelse~~ austavindsdag var ho nede på eit berg og skar gras til geita si. Ho gleid daa utfor berget og drukna, og vart aldri attfunnen. Sinare brukte sybuane å snakka om , -"det berget der gjenta datt på sjøen".

Omkring 1902-3 kom det ein seglaust forbi Lauvdy. Millom aya og det sokalla Trollaskjer kom det ein kastevind og slo bommen over til andre skute-sida slik at ei ung gjente som var ombord vart slegn overbord. Ho vart heller aldri meir attfunnen. Ikke mange år seinare var det ein som til Jone "ygaard" på Sørvik som kolvsigilde ved det sokalla Salsund på 70 fyrnar djupn. Han sekk ned og vart heller aldri attfunnen. Personlegt fekk eg på denne staden for ca. 25 aar siden opp eit anker som folk trudde var eit som var i den barten vedkommende brukte.

-Rundt hundreårskiftet budde det og ein mann i Toftdy som lige berre ca. 100 m. ~~fra~~ der eg no sit og skriv. Han heitte Aslakk Toftdy, og kona heitte kristine. Dei hadde vore eigerar av heile aya. Han var so uehdlig daa dei hadde laent ein hest av følket her på Nalsndy, at hesten om natta tok til symjings og vilde heim, men kom seg ikkje på land i myrkret og drukna. Resultatet vart at dei som eigde hesten tok heile aya som erstatning. Ho er på over hundre dekar, derav ca. 20 dekar godt dynka jord. Ias alle dei dyar som her er nunde er det enda attmurrestar etter brude bustadhus og leir og uthus.

Ner på Nalsndysida som det no heiter Toftevæg vart det tidlegare bygt båtar. Det siste nybygget vart bygt av landshahdar Johs. Silseth. Båten heitte "N.L. Toftevæg" og var 36 fot lang. Den vart ferdig i 1910. Og var på den tid eit svert stort fartøy. Toftevæg vart danna kalla "sponsavik", sikkert på grunn av at det altid var mykje spon. Personlegt kann eg hugsa det var eit svert stort gangspel der som dei brukte til å dra opp båtar som skulle reparera. Den siste dei hadde oppå var eir ca. 50 fots kutter tilhøyrande ein Sten Sunnfjord som bygde seg nytt hus her, som han seinare selde til Ole T.Sjø som kom heim fra Amerika med toieg bra med dollar.

- Omkring 1870 var det ein Johannes Tofte som dreiv skibstygeri på denne staden. Han hadde bygt seg eit nytt ~~hus~~ bustadhus, og likeeins lagt ut ein heller stor mur i sjøen, kalla "Larsmuren" som står der i god stand den dag i dag. I 1876 hadde han vistrokk to fartøy under bygging der i Sponsaviki. -Men om natti til den 1 april dette året var det ei jente som hette Sissela som sette fyr på bustadhuset hens. Alle kom seg ut, deriblant også ei lite jente, berre nokre veker gammal, Kari Tofte, som døyde i 1948, knapt 72 aar gammal. Etter at alle var borta gjekk Johannes Tofte inn att i den branndene bygningen for å berge ut eit skrin med verdipapirer, millom anna teikningar til nybyggingane på "verven". Han fekk også kasta dette skrinet ut på glas, - men falli so gjennem golvet ned i vermen og sette livet til. Det var svert lite som vart funne att av han. Sissela som av sjelusigrunner hadde sett fyr på huset fekk 20 aars

slaveri som det heitte. -No kom attende hertil etter soring og budde paa "siselplassen" til sin siste dag. No skulde vere lite fin as sjaa til. Tofteveg var pas 10 hundredtalet ~~med~~ eit sentrum her i Sunnhordland. Ein av landhandlarane var Tynnes Tønnesen. Han var fødd i 1833 og døydde berre 30 ear gammal. Det maa ha vore ein sers driftig mann, som million arna bygde det store sjøhuset som står like fint den dag i dag. Han aatte fleire fartøy som gjekk paa Førersjøfart. Tok million arna heim korn derfran.

vart) Omkring 1860 handelsplassen i Tofteveg kjøpt av Anders Silseth frå Nøre. Han arbeidde stader opp til ein stor forretning, og leverte varer til ein stor kundekrets, like inn til Fjær. Han var mykje kristeleg intrassert og bygde i 1887 eit heller stort bedehus som staar på Tofte og er i bruk den dag i dag (Seari).

- Irotokollar som er bevarte frå den tid viser at han gav store kredittar til ei stor mengd bygdefolk, endaa til slike som i dag ikkje ville vera rekna for kredittverdige. Han hadde sikkert store tap på dette. A. Silseth var fødd i 1840 og døyde i 1913. Han før denne tid hadde han levrt sine eigedomar til fosterson sin Johannes Silseth. Sætse var og ein driftig mann, og vart ein kjend mann. William arna fekk han Stavanger i reserving til å bygje den fyrste sardinfabrikken her i Sunnhordland. Den stod altsaa her i Tofteveg frå 1907 og til han brann opp først pas 60 aara. (16 aug. 1963) Ein slik fabrikk på landsbygda var noho heilt utanom det vanlege på den tid, dette varlegt på grunn av at det var so mange arbeidsplasser for kvinner. Det var ikkje nokk kvinneloge arbeiderar av fan på Halsnøy og derfor vart det teke inn folk frå store delar av Sunnhordland. Soleis frå Bymlo, Førster, Tynnes og sjølv sagt Valen og Sandvoll og andre stader. Det vart frå starten bygt eit ekstra hus for dei tilreisande, og seinare kjøpt eit til. Desse vart til daglekt kalla for "trallehuset", - det nedste og det øvste. Og det var nokk ikkje marge av unkarane på Halsnøy som ikkje var ein tur på laurdagsfriing på "trallehuset". Og se her på Halsnøy tilflytta korar frå både Førster og Bymlo og andre stader, som kom her og "gjekk på fabrikken" og vart verande her forgodt.

~-ar min var ein heil man-salder maskinist på "fabrikken". Og det var liksom eit eige miljs med fabrikken og det som fylgde med denne. Verlegt i den tid brislingfisket foregjekk kom det kvar helg, og ofte elles og mange brislingbruk og la seg til her. Var det fint var laeg dei i rekka og rad utanpå kvaandre, slik at heile vergen her var full av skjyster og bætar. Det kunde vere fiskerar frå heile vestlandet. Fleire hadde trekspel og det var både dans og song til langt på natt. Av og til vart det vel litt mykje for dei som budde i nærliken og gjørte vilde sova. Ig Karr hugsa at det var eit bruk frå Karmsy som kom hertil på fiske kvar haust i mange aar. Basen var her frå Halsnøy og heitte Fader Dale. Han som ~~med~~ eigde bruket Heitte Andreassen, men var kjend over heile vestlandet under navnet "sangfuglen", for han hadde den sveraste songstemme og nokon gong har høyst. Og han brukte henne. Gjekk ofte i fine kveldar opp på ein haug og sette seg til å syngja. Lønigshaug heitte den plassen han brukte her i Tofteveg. Det kunde bayra han lange veier, han sang so lufta skalv, med fin røyst. Det var ofte lette songer, for eks. hugsa eg ein som han ofte sang, - "det var en gang en deilig mó, såa rød og rund saa fin og syd, hun elsket en skoønner svend, hans navn var Pedersen, og det var i ungdoma ri hei sjungfalleri fallerullen gan, at Pedersen mig bedraret og saa han elsket mig" osv. mange vers. I 1920 -30 aara var det burtimot 30 notbuk i gamle Fjelberg herad, dei fleste her frå Halsnøy. Og det var arvisy fiske rundt sva, både her i Nylandssundet og elles. Landavangen var ein kjend og sikker kasteplass.

Likewise på Sjøvergen og Førldalen ved Toftekalven. Sider det var så mange notruk på Halsnøy var det nødvendig med tilgang på mannskap fra andre bygder. Og dei kom fra forskjellige stader. Sune kom langveis, like fra Island kom det ein og gifta seg med ei av døtrene til notbøn Torkel Sæle. Gisle Benjaminson var navnet. Han har mange etterkomrar etter seg her på Halsnøy.

Som til Torkel Sæle, Hans hadde og nokså mykje not bruk og var flink fiskar. Han hadde i mange år med seg ein ungkar frå Nordland som heitte Hognmo. Han var "baumpann" på grunnsaksjøta. Denne Hognmo var og kjend over alt der dei for fram, på grunn av at han brukte ein nokså høgrøyste tale, og var ellen "grov i kjaften" som folk brukte seg på. Han noko vond marn var det likevel ikkje. Han vart ber på sva til sin siste dag, og ligg gravlagt på Kyrkjegård. Diverre har han ikkje fått gravstøtten.

I 1887-88 var det også ein annan islanding med Hans Sæle sitt not bruk. Han kalla seg med det klingande navn Adelsstein. Han etter att det vart slutt millom han og ei jente her frå sva han var godven med, reiste han bort herfras.

Fabrikken i Tofteveag kom altsoa i drift i 1907, og la daa grunnen for det så godt kvar kalla ein liten revolusjon på sva. På Sandvik var det nøylig på den tid ein innflytta landhandlar som heitte Enoksen. Han forstod at her var forretning av gjere, og gjekk sjølv i gang med ein liten sardinfabrikk truleg omkring 1912. Det gjekk likevel ikkje betre enn at den vart sold etter forholdsvis kort drift til Chr. Pjelland som utvida til ein stor fabrikk. Ho hadde daa to helst store sardinfabrikker på Halsnøy, og næste etter sammenlikning med andre bygder kunne segjast at vera "paa den grønnaa grønne grøin". Begge fabrikkarne var so i drift i lange tider, på Sandvik vart drifta innstilt for godt på haustparten 1977.

Dette at konerne og døtrene kunde "gå på fabrikken" og tera gode pengar, attast det mavarne kunde tena gjorde at Halsnøy vart einxx noko meir velståande bygd enn mange stader elles i Sunnhordland. - Ettersom mest alle unggjenter på sva var "på fabrikken" og arten tredde eller "la" brisling, so var det svært vanlegt at "othundarne" nær dei låg i havn, gjekk inn på fabrikkarne, - daa serlegt på "tresalen" som var i nedste etasje, og hjelpte jenterne med at "tre" sild. Dei kunde sta i timevis og det muna nokk og litt ekstra, slik at det kunde verta ein liten "ekstra-klemm", - kanskje seinare på kvelden. Jenterne tredde altsoa på akkord, rundt 1920 var det om lag 25 gdr for kvar rame. Dei flinkaste kunde klara optil 100 raser for dagen, og vart rekna for svært so godt. Bestyrerinde på tresalen var på den tid ei xxx enkja som heitte Serina, ho er bestemor til Georg Lides sinner som no driv skibssaggeriet i Nøylandsbygd. Ho hadde millom anna jobben med å levert ei sokalla "brikke" til kvar trear for kvar rame dei leverte i Nøykeriet, som var ved siden av tresalen, samtidigt som ho kontrollerte at arbeidet var skikkelig utført.

- Etter at brislingen var rykt var det ein maskin som klipte hovudet av han, og derefter gjekk han i ein heis opp i andre etasje, der var det mange koner og jenter og la brislingen i esker. Dei var alle i reine og fine klar med eit kvitt plagg rundt hovudet, so det ikkje skulle koma hær i eskerne. "Othundarne" vanga seg lite opp på "leggesalen" som det heitte. Det hende og at dei vart utviste derfras. - Ian side av leggesalen stod det 6 sokalla følesmaskinar. Lei sette lås på eskerne. Ein mann med kvar maskin kunde klara frå 6 til 9-10 tus. esker på ein 10 timers dag. Ein guturde på 12-14 år la løk på eskerne før dei vart sette i maskinen. Det var ein xxixgokk travel jobb.

Frå den tid XX og like til etter siste verdskrigen var alle fabrikkarne i drift berre deler av året. So lenge det var råstoff ea fan. Det først dei ikkje fryseri. Brislingen stod i leas til han kunde leverast direkte til fabrikken sin båt, som hente ferskt råstoff til hver dag. Sundt 1920 var det serlegt ein båt me gutugarne tykkeskatra godt om. Den heitte "Bleaveis", - var av jern og hadde tidlegare vore Chr. Michelsen sin lystbåt. -Den vart seinare ombygd til XX "Solbris" og brukta som rømingsbåt før dei som i 1945 måtte røme landet fordi dei vart skulda for at tyskerne kom hertil 5 år før.

I mellomkrigstida var det bortimot 100 firmaer her i landet som produkserte sardiner. Og dei hadde mest dobbelt so mange fabrikkar. Og det var sterkt konkurrans om brislingen. -Ja enda til så sent som i 1949 hadde me 81 firmaer som produkserte brislingsardiner og dei hadde 145 fabrikkar. I 1962 hadde det minna til 38 firmaer og 87 fabrikkar. Og no er det gatt berre Sildelaget og Bjelland sine fabrikkar som er att. So kan ein kven skrive historia om dei norske brislingsardinerne som vart so dyre at ingen kunne kjøpa dei.

Kvar vart kom det til fabrikkarne srålende fraktekutter med eikeved som det vart brukt mykje av til aa røykja brislingen med.

Kvar skute kunde ha op til 100 maal. Og det tok fleire dagar aa far all veden på land og opplagd i la. Og kann hugsa at sider XX disponenten ved fabrikken her i Toftevæg var onkel min, føk eg vera paa denne læringa daa eg var 12 -13 år. Tidligga var 40 øre timen og eg tykte eg var storrik daa arbeidet var ferdigt og eg fekk uttalt 15- 20 kr. Det var og tydeleg at dei ungarne eg gjekk ilag med på skulen, følte sterkt missunng mot ein med so mange pengar. Frå den tid hadde me to veker vaarferi frå skulen, og det i ein slik ferie eg fekk so mange pengar.

Den fyrste disponenten ved fabrikken i Toftevæg var landhandlar Johs. Silseth. -Den etter berre nokre år kom det ein mandaling som heitte Karl Hammer som sjef hertil. Dette var ein sær dualig man på alle vis. Forutan at han var ein fyrsteklasses hermetikkemann laga han føler og haglebørser. -Han var og ein toleg god felespeler. Men det han lika best var jakt på fugl og kobbe som det var mykje av på den tid, straks etter fyrste verdskrigen.

Før min som altid var på fabrikken fortalte at eingong Hammer var ferdig med ei børsa, tok han og ein Andreas Koly og laga til eit kobbeheve so godt dei kunde. Dei fekk det til aa flyte som ein levande kobbe eit høyeleg skotteldgård utanfor ei av dørane i fabrikken. Dei fekk so ein gutong til aa springa ned beskjed til disponenten Hammer om det låg ein kobbe rett utanfor kaien. Hammer kom med eingong springande og skulde prøva den nye børsa, og sette ein dualig ladning rett i kobben. Men kobban den berre dukka og kom om ei tid oppatt på sams staden. Tri skot fekk kobben, men daa skjønt han at det ikkje kunde vera rett fatt med denne kobben. Det var før min og "Kolsylen" som hadde hatt snor i kobben.

Dei vart etter dette bedre inn på kontoret og fekk kvar sine to drømmar for den jobben. Denne same Hammer skulde ein haustdag sasa med sin svoger Feder Hillestad, flytta ein liten motortrakt dei sjølv hadde bygt, frå Toftevæg til "Orevaag". Det var nordvest storm som kvelvde båten, og Hammer som ikkje kunde symja drukna rett utanfor stoveglassen der eg no set og skriv. Men F. Hillestad sunnade til lands i Tøftøy og vart berga. Lager etter var det 7-8 båtar som sokna i mange timer utan resultat. Men i kveldinga vart han funnen av Johs. Kaarsen og Jørgen Svrevik. Det var sovidt eg kann hugsa omkring 1920 eller 30. Etter dette kom det ein marr som heitte Aslakser som disponent hertil. Men han vart ikkje lenge, han skjekta seg formykje. So vart det min onkel Vilis Bjelland som overtok, og han heldt fram like til han døydde omkring 1955. So overtok som hans Johs. Bjelland som heldt fram like til fabrikken brann opp i 1963.

var

.et)

Fra framsida av fabrikken her var det ein lang trekni, som det mest altid laeg eir eller fleire bøtar med. Fan grunn av at det ofte var eit eller avfall som fall isjden, samla det seg under kaien altid meir og mindre fisk, som næ ungane ~~ikkje~~ XXXXXXXXX dreiv fiske paa. Det var helst pala, som næ kalla, men det var også andre fiske slag, for eks. torsk.

Iå baksida av fabrikken var det eit heller stort utedo. Det var sett opp paa ein ca. 2 m. høg mur, og hadde 7 enkeltrom. Det eine var det laas for til bruk for "øvrigheita" når dei av eit hende kom paa besyk fram Stavanger.

Eg vil med same gjerne faa retta paa ei mistyding me lærte alt i barneskulen. Det at Chr. Bjelland var den første som laga og selde brislingsardiner her i landet. Det er feil. Bjelland kom i gang først i 1863. Stavanger Preserving kom i gang med hermetikkfabrikk alt i 1873. Det var der kjøt og fiskehermetikk, som for ein stor del vart sold til skibsfleaten. Og paa utstillingar i Paris, Bruxelles, Philadelphia, og London hadde dei fått 6 medaljer alt før ~~1873~~ 1878. Produksjon av røykte brislingsardiner var under leding ~~av~~ av kaptein G. Nejlander sett i gang i 1879, og vart selt paa det internasjonale marked under navnet "de røkede norske sardiner". Stavanger Preserving er det firma som grunnla den norske sardinindustrien. - Men Bjelland vart likevel den største.

Eg har framfor meg her eir ~~1873~~ kopji av lønningslista for Stavanger Preserving fram 23 til og med 28 nov. 1874. Samle utbetaling til 34 navngivne arbeidarar er vel 75 spesidalar. 9 av dei kvinneloge arbeidararne har ordet "jomfru" framfor navnet sitt.

Iå strekkingen mellom Haugesund og Bergen har me i dei siste 50-60 aara, før nedgangen kom, hatt over 20 sardinfabrikkar. - Det er soleis ikkje tvil om at brislinga med tilhøyrande fabrikkar har vore til sær stor hjelp for økonomien i dette strukket av landet. - Det kunde vore mykje så fortalt om det som hende paa "Fabrikken" i alle dei sara me hadde drift her. Men dette faar klara seg.

- Det første eg personligt kann minnast fråa barndommen her paa Huneset er at eg som toaring fekk vera med mor mi i gravsål. Det var kona til den før nande Johannes Ajjeldevik, Løvdøen, som var død. Ho var nærlig syster til bestefar min paa morssida, og soleis tanten til mor mi. Før me gjekk fråa heimen var dei nærmaste, million dei mor mi inne i eit ~~å~~ siderom og tok avskjed med mannen, som og var so sjuk at dei rekna med at han kom til å døy medan me var til kyrkja. Og det gjorde han. Det var akkurat dette siste som eg som 2 aarig tykte var so eldeles forferdelig at det set fast i minnet endaa. Anna fråa gravsælt hugsar eg ikkje.

Men bestemor mi paa farssida som budde i same huset som me sjølv og som eg besøkte daglegt, hadde alt teke til å fortelja meg om døden, om Gud og om "styggemannen" som lurte bak lga og kom og tok meg om eg ikkje var snild, og serleg dersom eg plystra. Det var stor syns for gutunger. Ho fortalte og fram Bibelen om dotter til Farao som fann Moses rekaende i ei korg eller skrin. - Og dverre sa ho og at ho hadde vore der dei fann han. Det var på ei stor evja me hadde i verdaiken, og som var so blaut at me aldri fekk bade eller vassa der. - "Besta" som var utgamal og svartkledd fråa tauspisarne og til toppen paa "hodnehusa", og som endra til snakk med ~~ung~~ Gud, framfor og etter alle maaltid, og elles og, det ho fortalte var det kje snakk om å dra i tvil. So naar eg på våren 1918 tok til på barneskulen, og alt første dagen fekk høyrer om Moses, so fortalte eg alt andre dagen inne i klassen so alle høyrde, det som bestemor hadde fortalt, og at det skrinet som Moses vart funnen i det hadde me heime. Det vart ein "fela leatt", og etter at sannsærga gjekk opp for meg, vart eg svært misstruen

mot alt som hadde med gudelighet aa gjara. Ja eg miste faktisk trua pas heile greida. Og naer eg fortalte dette til "Festa" vart ho aldeles feien. Hennar tru maatte sikkert kurra "flytte berg". For min part vart det slik at etterkvart som eg paa skulen fekk høyre om dei gamle nordmenn si gudelara, fekk eg helst lyst til aa tru pas Odin og Tor.

Få nordmida av kuneset der me bur, og som dei altsear fann Moses i eit skrin, heiter det "Vorevægen". I min barndom var det her ein sers siker og god kasteplass serleg for makrel. Det vart ofte gjort fleire kast for dagen om sumaren og utover hausten.

Strakat ovenfor "vorevægen" budde einmann som heitte Ole Pedersen. "Huset" var lite og umåla, med ur-tak av den sida som laeg fram til vegen, den hadde vore raudmåla. Ole Pedersen hadde ein svoger som heitte Jon Sjursen. Han budde ein god km. lenger sør, - paa Landasanden som det vart kalla. Sjursen hadde ei god makrelnot og ein mest ny "Oselvar" som han hadde nota i. Ein kveld pas hausten trulegt i 1916 laag Sjursen ned nota si ved eit høgt berg ved "Vorevægen" og venta pas at makrellen skulle syna seg. - ~~Flexfjordaksen~~ XXXXXXXX Ole Pedersen hadde givst opps paa berget som var ca. 8-9 m. høgt ein stor dunge med furugreiner som han stod og legde opp til "konsved", samtidigt som han skulle vera med å kasta dersom det vart høye til det. Ved sida av sat Gabriel Tofte, Anton Tofte og eitpar til og spalte kort medan dei venta. Jon Sjursen sjølv sat bak ax i notbauten og venta. Baaten laeg tillands med baugen og var festa i land. - Under første verdskrigen vart det betalt sers høge priser for tren, og både Ole Pedersen og Jon Sjursen hadde drove an skotene og brent tran, og tant bra pas dette. Begge var store og friske karar, og begge vilde vera den beste næringjaldt an skjyta nisa.

Vedan dei venta pas makrellen snakka dei om nisejakt, og dette enda med at dei vart ueinige om kva som var "basen" pas dette området.

(det) Tilsitt vart stemringa so opphisaa at Sjursen som sat bsk i bauten forklarte at skalde koma opp paa land so skulle Pedersen snart faa ~~xxkxx~~ erfaring for kva som var best. Og han tok til aa klive framover i baaten. Men dette var Ole Pedersen uenig i, og tok difor og spente til den store stabben han hadde der, slik at denne for kant over nedover berget og rett paa baaten. Men naer dei som spela kort saag ~~xxkxx~~ dette skreik dei opp slik at han i baaten vart var stebben som kom mot han, og fekk i siste liten byksa bakover, men stabben kom med stor fart ned i framrummet paa den nye "Oselvaren" med sers breide bord i, og laeg mange mair enn meterlange ~~xxkxx~~ bordrever slik at baaten vilde sakkja, og alle menn maatte berge note og baaten pas land. Eg karr godt hugsa at Jon Sjursen hadde denne baaten i mindst ein mannsalder seinare. Men det var mange og lange jernlappar i framrummet. Dei var klike med baatseum pan begge sider av reverne. Saka vart anmeldt til politiet. Men det førde ikkje til anna en at daavverande lensmann Johnsen heldt eit forliksmøtt med svograne pas kontoret paa fabrikken her i Toftevæg. Sovidt eg veit vart dei einige om at dei hadde vore like om det. Men folk snakka om dette i mange år, og lo vel litt i all stillhet. So langt tilbake eg kann minnast kom det kvar sumar sokalla "fanter" til "Vorevægen". Det kunde vera optil 5-6 skjyster i lag som arakra opp tett ved land rundt heile vegen. Suma hadde berre baatar, og dei slo seg red i dei nausti som stod her dae. Det vart jo ein heil "invasjon" for ungar hadde dei altid nøygdi av. Dei dreiv og selde blektøy, laeg takrenner ~~xxkxx~~ og "tigga" ogsaa eindel. Men eg kann ikkje hugsa at nokon klagede pas at dei hadde mist noho serlegt. Dei kurde vorn her i vekavis. Eg huss ein som heitte Ole og som liksom srekka gjennem nasa, dei kalla han "snuf-s-Cla".

Han hadde ein bror som heitte Aleksander. Dei kalla han "Sanderen". Kona hans døydde i Kolsby her, og han var etter dette enkjemann i mange år, - men reiste likefullt. Av og til var han opp her hjaa meg for sa laana telefonen. Daa gev me han gjerne mat om det var i dei tider me sjølv aat, og fekk me bar til aa fortelje mangt fras sitt omfleckende liv. Og kvar hugsa eingong kona mi steikte to egtil han. Desse vermost flaut i fleskefeit pas grunn av noko altfor feit fleisk me hadde. Sanderen tok daa tjukke skværer utan smør pas og snudde dei fleire gonger i feittet til fatet var heilt reint. - Det var det beste han hadde snakt pas länge let han. Og tykte det var "ein fela kost" og gav han eiterpan eit stort glas med heimelaga vin. Daa vart han isvert godleg, og fortalte million onra kor mykje han hadde spart seg opp gjennem eit langt liv. Og han konkluderte med at, - "Jo, bud har vore god med meg" utrulegt men samst, for samst sa segja var det ikkje mykje sa snakke om.

Ein vaardag omkring 1920 kom det ein flokk ned "fanteskjyter" til Vorevangen. Ein av dei hadde berre eit ektepar ombord, noko eg ikkje saag seinare. Dei ankra tett ved land og stte opp tog i landet pas denne side av vegen slik at me kunde sitja paa eit berg aa sjaa ned paa skjyta. Fanten sjølv la seg til ~~xxx~~^{xxx} solings paa dekket, men kova ho gavseg til med storvask rede i lugaren. Av og til bad ho mannen gjeva seg ei bytt sjø. Han reiste seg daa kvar gong midsommeleg opp og gev henne sjøbytta ned lugardøra. - Men etter ei tid tykte han nokk at at det gjekk over alle grærer med ~~xxx~~^{xxx} reisende, for daa ho prøvde hadde ei bytt sjø svara han, - "her er kje meir sjø kons". Historia er sann. Omkring 1968 stod eg ein dag og ordna pas eit gjerde her paa bruket mitt. Daa kom Sanderen plutslelegt opp til meg og ~~xxx~~ sa att han vilde fas take farvel med meg, for han trudde ikkje me kom til treffast meir. - Ikkje mange veker seinare fekk me høyre at han var død. Han er gravlagt paa Laksevåg. Evar gong eg har truffe nokon av dei mange sørerne hans her eg forklart dei at dei må spleisa eit gravminne over farsin. Det har diverse ikkje vorte til denne dag. Ein av sørerne til ~~xxx~~^{xxx} Sanderen vart under krigen skoten av tyskerane paa Huitstadneset. Det vart sagt at det var pra grunn av eit misstak. - Det var jo ein stor Englandsfart fra Bremes under krigen. - Det er no slutt med at det "~~xxx~~^{xxx} kjem "fanteskjyter" til Vorevangen. Ne ungarme tykte det var eit sikkert varsteiken nær fantarne kom, og me ropte til kvarandre at "noer fantarne komme". Og me var ikkje rede hverken for ungarme eller "kjerringarne", - men sjølve mannfolka heldt me oss litt unna. Dei hadde ord for sa stikke folk med kniv om dei vart terga. Dei hadde og børser som dei handla litt med. Og klokker.

-Testefar min Johannes Jørgensen Landa var fødd 27 aug. 1830, og døyde 22 sept. 1910. - Han gifte seg med Ingeborg Hugnesdatter Tofte, Ho hadde stor gard paa Tofte, og han tok daa nevnet Tofte. Ho hadde vore gift ei kort tid før, men mannen døydde ikkje länge etter giftarmålset, og dei hadde ingen born. - Men i det nye ekteskapet fekk dei 4 døtrer og seks søner. Alle døtrene vart "godt gifte" som det heitte på den tid. Men alle sørerne reiste til Amerika so snart dei var vaksne, - 16 - 17 aar gamle. Dei hadde nemlig ein ~~xx~~ farbror der som heitte Jørgen Landa (Jørn) han hadde stor farm, og tok vel imot dei og hjelpte dei tilrettas. Han hadde sjølv ingen born. - Far min reiste til Story City i Iowa alt i 1896 berre 16 aar gammal. Og kom daa til bror sin Knut Tofte som dei hadde vore der ei tid, og hadde ein verkstad som laga og satte opp vindmøller for farmarane i Iowa. Han vart med pas dette

(på)

ei tid. Han var elles med paa baude det sire og andre. Villem Anna var han i om lag to år sokalla "Cowboy", i Vesten som han kalla det. Han var i forskjellige av dei nordlige staterne, og var også ei tid hos farbroren "Jørn" som han sa. Ittersom denne ikkje hadde born vart han tilbydt å få overta farmen etter farbroren. Den han teikte nei og reiste heim til Halsnøy, og kom akkurat tidsnokk til å få jobben som maskinist paa sardinfabrikken her som daa i 1907 akkurat kom i drift. Han hadde daa vore "over der" i om lag 10 år.

Han gifte seg med ~~Maximilian~~ Josefina Mariarøe Lide i juli 1910, med Dottir til Mors Lide, som var son til den da verande bygdespelman Lars Lide. Min bestefar Mors paa morsida vart derfor paa folkemunne kalla for "Spelmannsonen". Men han var likevel ingen spelman. Min av brørne til Lars Lide (min Oldefar paa morssida) vart kalla "Jyren" Truleg heitte han Sjøgen, han var byggmeister for Bid Kyrkja som vart ferdig i 1824 og er i god stand og i bruk endaa.

-Ittersom eg soa eldste som til sjært Tofta var fædd berie nokre ear ~~axe~~ etter at han var konaen heim fra Amerika, fekk eg alt fråa min tidlegaste barndom høyrta på alt det han hadde så fortelja fråa sine 10 år "over der". Eg var sikkert berie 2-3 år, daa han om kveldarne etter arbeidstid lærte meg dei amerikanske navni paa ~~alle~~ alle dyr, og paa alt som var i huset osv. Eg hugsar alt endaa. Serlegt hadde eg vondt for en skjøna at "reint laken" paa amerikansk hette "klin sjit". Men det heiter det vistnokk endaa.

Serlegt om sundagane fekk far min besök av naboor og kjenninger, og daa snakka dei altid om Amerika. Eg lydde vel etter alt det far min fortalte, og det fall meg dei fyreste agra aldri inn at ikkje alt var akkurat slik som han la dat frem. -Men seinare når eg vart større, tok eg til å lura på om alt "over der" verkeleg var so storveges som det høyrdest ut for. Ein nabo, Torbjørn Tofta, paa folkemunne kalla "Tørres-Torbjørn" var ofte på besök. Han var styrmann av fag, men hadde også vore ei tid på land i Amerika. Han og far min sat ofte, serlegt laurdagskveldarne, til lengt på røtt og minntest sine ear i Amerika. Det hørde dei ikkje slutta av før i 4-5 tida om sundagsmorgonen. Etter at ha hørt meir og mindre på dette i asevis, bestemte eg meg for at "når eg vart stor" ville eg fara ein tur til Amerika for en sjas om det dei fortalte var rett.

Dette gjorde eg i nov. og des. 1978. Det overtydde meg om at det dei hadde fortalt i det store og heile var korrekt. Dette skal eg fortelje meir om seinare. Skal berre no seia at eg på denne turen var på kyrkjegården (sementarien som det heitte der) i Story City i Iowa og fotograferte graverne til million arna dai to onklane mine Magna Hugne og Knut Tofta, som saman med sine koner ligg gravlagde der. Det var ein merkeleg følelse å stan der å vite at dei som no laag der, før om lag 100 år sidan hadde sprunge og leike seg på dei same stederne som eg hadde vokse opp, ca. 7000 km. burte. Det laag i alt 13 med avnet Tofta på denne kyrkjegården.

Forutan far min kom også tre andre av brørna hans etterende ~~fx~~ etter at ha vore i Amerika fra 9 til 15-16 år. Alle hadde arbeidt hardt og tent "godepengar" som det heitte. Og pengane vart sette i banker. Far hadde ca. 16-17 tus. fordelt på Bid Sokn Sparebank, Bergens Privatbank, og Bergens Kredittbank. Den andre han hadde helst meir, og mest hadde Tor Tofta, som også overtok heile farsgården for ein liten pris. Ængste bror til far min heitte Johannes, oppkalla etter sin far. Han var lenge ungkar og budde i same huset som me budde i, hjaa mor si, "besta" si. Han gjekk på fabrikken i lag med far min. Han kom om kveldarne ofte inn i vaar stova, og daa snakka dei mykje om brørne sine og om Amerika. Det var tydeleg at skjøna at dei meinte "Toren" hadde fast formykje av arven alle sine.

Før min hedde faaatt skjynte paa "vilkårrsstykket" dunesat som "Besta" endaa hadde i si eiga. Ho hadde ei kyr og nokre sauvar, saran med ei ugift dotter som vart kalla "Tante-Ingeborg" og budde i eit lite kamresr ved siden av "Besta" si stove. Ho gjekk og var fabrikken og sette litt sparepengar i banken fleira gonger for aaret.

Etter at fyrste verdskriga var slutt,- og dei "dårlege tiderne" melde seg, skjøns eg at både ~~XXMMX~~ far min og brørne hans vart meir og meir redd for at dei skulde misse Amerika-;engarne sine, etter som dei høyrdt at den eine banken etter den andre fekk vanskar og "gjekk fellitt". Dette førde til at "Onkel-Tor" som hadde kona si frå sørlandet, flytte noko av pengane sine frå Bid Sohn og satte dei i ein mindre sørlands bank. -Men ikkje lenge etter dette gjekk denne banken so dundrande konkurs, at alle innskot gjekk heilt taapt. Detta var jo ein syrjeleg tildragelse, og eg kann hugsa at far min og "Onkel-Johannes" ofte snakka om dette i lange tider etterpåa. Men eg kann ikkje fri meg fråa ein tanke om at ~~XXMMX~~ dette var litt "tilipass" for han, på grunn av at han hadde faaatt formykje av arven etter faren.

-Inn sumarkveld i 1921 eller 22 hadde eir av brørne, Jørgen som budde på ~~XXMMX~~ Opsanger vore paa besök hjør mor si. Tor hadde og vore der samtidigt, og i kveldinga kom alle fire brørne ned til sjøen nær Jørgen skulde ro heim. Daa var det ein av brørne som kom med forslag om at dei skulde lauge seg. Darmed kleddde alle seg nakkne og sprang i fullfart paa sjøen fråa eit berg der, og sunnde litt rundt ei kort stund. Daa dei kom opp sa "Toran" med han høggyysta si,- "at no er det 40 år sidan eg sist lauge meg". Trulegt vart det og den siste for hans vedk. Men far min han lauge seg ofte kvar sumar like til han var 88 år. - Onkel-Tor måatte betala "vilkår" til mor si kvart ear. Det var poteter til eit aars forbruk. Havremjøl og to mæl ved, og 2 liter mjølk kvar dag heile aret. Ukjølka var det min jobb å gaa til Tofta og henta kvar einaste dag heile aret. Men alt det andre kom "Toren" kjørande med. Han hadde ei stor ljosbrunn mapp som han dreiv helst hardt. Herra var sterkt men gjekk seint men dette passa ikkje for "Toren", so han jaga paa merra i eit vekk som dei segjer. Han var svart høggyysta, so nær "Toren" kom køyrende kunde ein høyrda han bønde ein og trulegt to km. om det var stilt i veret. Men merra ho var so van med det at ho høyrdt trulegt lite eller ikkje av heile skraelinga, ho gjekk sitt same.

-Frå eit berg ikkje langt fråa huset vaart hadde farmin bygt eit lite hus som me kvar sumar hadde ein gris inne i. Han fekk middagsrester og fisk, og so maismjøl. Vi hadde to trollgarn som vart sett ut nær me skulde ha fisk til middag. Det sio mest aldri feil at det var fisk nokk paa garnet. Det var helst torsk, men av og til kunde det vera ein stor steinbit i garnet. Eg som ofte trekte garnet lika ikkje dette, han var vond et ta ut av garnet, vilde bita.

Vart som regel kokt til grisens, som saeg ut til like han godt. Det hende likevel om me fekk ein som var brun i kjøften, at han vart steikt til folkemat, men eg like han ikkje. Vi hadde og ei linea som vart agna med brisling fråa fabrikken, og sett ut paa djupna.

Det fekk me "Upsafisk" og ~~XXMMX~~ saltfisk. Men hugsa eingong eg hadde agna linea om dagen, men etter som det ikke blest litt røste før vera med aassetja linea etter at han kom heim fråa fabrikker. Det vart seine kvelder og svert myrkt, og daa re hadde sett heile linea og skulde sleppa ilen, opydga me at eir av dei fyrste oglarne hadde hekta seg fast i bakstavren paa feriingen, slik at me hadde drege med oss heile linea, som hang bak baater i ein stor vase. Vi måtte draa alt inn i bunnen i ein stor vase. Det tok to dager før linea vart oppgreidd. Ig kinn godt hugsa kor sint eg var paa den ~~XXMMX~~ fisketuren. I 1920 aara saeg det nest ut som heile sjøen rundt her var full av kviting. Vi kunde sleppa ut sørre mest korsomhelst, kviting vart det. Han var god steikt, men mykje gjekk til grisens.

var det leid so langt soz til den dagen eg fylte aar. - ~~xxxx~~
 den 11 nov. var grisen vortan mindst 100 kg. og skulde slaktast.
 Det var det "onkel-for" som gjorde. Skoldevatnet meatte vera
 kokande før kl. 6,- ~~xxxxxxx~~ for daa var grisens dau.
 Dette var det mykje skrik og skrael med. Og ne høyrdé "Forer"
 meir enn grisens. I 9 tida om fyremiddagen var alt ferdigt og grisens
 var oppdelt og laeg i stykkevis paa eit stort bord i kjellaren.
 neste dag vart alt saman kraftigt salta i ein stor avlang tre-
 stamp. Om kvelder var det blodkomla med rosiner i. Det var fest.
 Vaar ne hadde faatt eit slikt slakt i salt hadde ne "suvl" like
 til neste gris var takande. Aa kjøpa middagsmat paa forretningsarna
 vart gjort berre nokre fee gonger for aaret, til dei største høg-
 tider. Elles gjekk det riklig med fisk av ymse sortar, og so sild som ein
 altid hadde rikelegt av, og so altid rikelig med poteter av eigen
 suvl. Og som før fortalt eir stor gris for aaret. Potetkaker var det
 og mest altid paa bordet, og so eindal syltetøy av egne ber.
 Av og til kurde ne og ha sokalla mjølkekaker. Dei vart laga av
 separert ~~eggs~~ mjølk som ne fekk gratis hjaa "Tante-Karina" som
 hadde stor gard paa Fjelland. Det var min jobb aa ro til Fjelland
 aa henta heim denne mjølka, -so smart eg var stor nokk til dette.
 Kvar vaar nær "Besto" si kyr fekk kalv, laga ne altid roko som
 vart kalla "jelost". Den var laga av raamjalk, og stog høgt i kurs
 hjaa alle i huset. Det vart altid forlite av den.
 Flatbrød hadde ne og ~~ikkje~~ altid bra forsyning av. Det var ei eldre
 enkja, som budde sjaa son sin i Lauvdøy som gjekk rundt og baks
 flatbröd til dei fleste. Ho kom "styggatidlegt" paa morgonen og
 heldt paa til kl. 10,- om kvelderne. Og det var heller ikkje stor
 betaling ho krov. Eg har aldri hørt kva ho hadde til navn, for
 alle kalla henne berre for "bakekona". - Eg kann hugsa at dei vakne
 paa den tid snakka om at sonen som altsaa var gift til Lauvdøy
 med dotter til Tor Lauvdøy, og var fraa Strandebarm, ei gong som
 gutonge hadde teke huskatten i heimen og stappa han inn i ein
 steikeovn, og derefter fyrte godt i ovnen og steikt katten levande.
 Irulegt var dette ei sann soga, for mannen var seinare fleire
 turar paa Valen sjukhus.
 I min barndom og ungdomtid var det aldri tale om aa kjøpa kjøt-
 palegg eller anna palegg til aa ba paa maten. For eks. agurk og
 (og) tomat viste ne ikkje kva var for noko. Det gjaldt majores og alt
 det andre ein i dag kunn kjøps i esker eller glas. Men sirup det
 hadde ne som regel paa bordet dersom ne ikkje hadde heimleaga
 syltetøy. Tytebur til dette plukka ne om haustarne, noko ungarne
 matte vera med paa. Det var ikkje radt lite konkuranse om desse
 bura.
 I tida før hundradaarskiftet budde det fleire sokalla husmenn her
 paa Funeset. Kan nemna Halvard Hugler som hadde huset sitt oppa
 paa Haugen her paa neset. Han var skomaker. Huset flytte han til
 Sebøvik omkring 1905. Der staar det enden og er i bruk. Han hadde
 to söner og fleire døtrer. Den eine heitte Johanne og vart gift
 med ein Islanding som heitte Seberg, og er mor til Johen og "ils
 Seberg som no bur paa Eidsvik. Det var "ils" som var so uehdig
 at han miste sinaste son sin i den sokalla "furnusulukta"
 i Klosterfjorden for eit aarstid siden.
 vidare ~~xxxx~~ budde det og ein mann som heitte Andreas Tofte. Han var smed
 og vart kalla "smed Andreassen", og var bror til "smedahansen" paa
 Sebøvik. Han hadde og ei smia litt opp frå ~~xxxxxx~~ stranda her.
 På tomta etter denne vaka det ikkje eit grønt straa paa fleire
 marsaldrar, berre litt grøn moose. Som ungar likte ne aa leika oss
 akkurat der. Ne fekk ikkje lov aa leika oss der det vaks gras.
 Graset skulde nyttast til siste strandet. "Ikkje trakka i graset" var eit "omkvende" ne ne matte høyres baide titt og ofta.
~~xxxxxxxxxxxxx~~ -- Denne "med-Andreassen" hadde fleire

søner. I allfall to av dei vart smear. Ein av dei heitte Elling. Han reiste til Haugesund, der vart han so godt likt at han av Haugesund kommune fekk leige ein stad paa nordsida av Risøy som heitte Garpassjør. Det laga han seg ei smidja og ein liten mek.verkstad som han dreiv med like til han døydde som ein gammal mann. Han var ein svert flink smed, og dertil svert omgjengelig. Det vart fortalt at om nokon ikkje betalte det dei fekk gjort nær dei henta det, so skreiv han det berie opp med krit paa murveggen i smidja. Om det daa kom nordvest-vind og regn straks etter, so dreiv det vatn innområdet inn undermønekammen og rann vidare nedover og viska ut alt det som var skrive paa veggen med krit. Derved var det ute av "rekneskaper". Han hadde og ein liten slipp for mindre haester. Og ein liten motorbaut som han kom til oftevaag med nokre dagar kvar sumar. Da hadde han med kona og heile familien. Det var to gjenter og fire gutter. Han hadde vore leikekamerat med far min og dei var gode venner gjennom heile livet. Søster til Elling var gift med Calvin Pedersen som i 1820 -30 aara dreiv mek.Verkstad paa Stord. Straks etter siste verdskrig gjekk nokre av søerne til Elling i gang med ein noko større mek.verkstad paa norde ende av Karmøy. Dei hadde ei tid over hundre menn i arbeid. Men diverre fekk dei økonomiske vanskar og det heile vart selt, vistnokk med tvang. -Som 5 aaring fekk eg første gongen vera med i motorbaaten til Elling. Det var store ting i den tida, for det var daa berre nokre svert fåa som hadde motorbaut. Alle rodde.

"Oko av det kjekkaste me ungarne fekk høyrte det var når dei vaksne fortalte at "no er Ellingen kommen". Det var det sikraste sumerteiknet me viste. Det same gjaldt når dei sa at "no er fantarne kommer". Ein ting var heilt sikkert når Ellingen var kommen, og det var at han og far fyrtre kvelden sat oppe til langt pas natt og snakka om "gamle dager". -Det var mangt dei hadde prøvt seg med. Eg skal ta ei av sogorne. -~~Såkk~~ Siste jula før far min drog til Amerika var 1895. -Daar var baade han og Elling med i eit spleiselag for mange paa dyra. Lei fekk heim eit heilt anker med brennevin.

Ein fin kveld før jul skulde dette skiftast, og det vart gjort i eit uthus hjaa bestefar min. Alle møttedaa opp med flasker ~~xxx~~ som dei skulde ha kvoten sin paa. Flaskerne vart so lagt opp i ein sekke. Men det var altid sopass rikelegt pas ankeret at ein kunde smaka pas sorten. Denne gongen hadde det nok vorte litt mykje med smakinga for når dei so gjekk ut, var han som bar ein av sekkarne so uheldig at han dunka ei flaska burt i dyrkarmen slik at ho gjekk i knas. -Men tapet vart likevel ikkje so stort, for det hadde tidlegare vore mjøl i sekken, so han var mest tett. Dei var snare og helt ei ny flaska under renninga, og ho vart trekvart full. -Men daa var brennevinet vorte gråkvitt av mjølet. Dei rekna opp næri paa alle som hadde ~~xxx~~ vore med, men dei har eg diverre ikkje i minnet lenger.

Bei siste sari me gjekk paa storskulan paa Sandvik hadde me sløyd i ein time kvar laurdag. Dette lika eg svert godt, og fekk stor lyst til at skaffa meg ein høvelbenk som eg kunde ha heime. Men det var eit stort problem. Nett nokk stod det ein utgamil høvelbenk i løa heime. Men det først ikkje skruer i han, so det var det same som ikkje. Men ein dag fekk eg vita at ein mann i Hylandsbygd skulle reise til Amerika, og derfor skulde selja alt han aattie paa auksjon. Og der var med ein høvelbenk. Ig hadde 27 kr. og vona paa at eg kunde fan denne brukte høvelbenken for dette. Ig mytta personlegg opp paa auksjonen og baud paa høvelbenken nær den vart oppropt. Det var og ein annan som baud. Ig laa paa ein krona om gongen, til eg hadde sagt 27 kr. og stod i storspanning, - men so baud han 28 kr. og so var eg totalt utslegen. Det var læraren i Hylandsbygd.

Ig kjøpte so ein langhøvel og to gamle sager og gjekk skuffa heim. Men tanken paa høvelbenk fekk eg ikkje frå meg. Ig hadde hørt at ute paa Kloster budde ein sers flink snekker som hadde klart at lega ein høvelbenkskrue med vanleg tolekniv. Dette høyrdest svert problematisk ut tykte eg. Ig tok likevel for meg den gamle høvelbenken som stod i løa, og saag næye paa holi der skruane hadde vore. Tilslutt lega eg ein høvelag tjukk, rund trestokk, og tok til at smia gjenger paa den med ein tolekniv. Men etter at ha halde pas ned dette ei heiltid, fann eg ut at det ikkje gjekk, eg greidde ikkje at halda rette stignings paa gjengerna. Men akkurat nedar eg sat slik med den misslukka skrden i handa, kom far min og ein nebo Andr. Kolsy inn ~~inn~~ i løa og saag kva eg heldt paa med. Begge lo godt til meg som var so toskan at eg trude eg kunde lega ein slik skrus. Ig vart innmari arg paa denne litten deira, so eg sette meg til at grunda pas om det ikkje skulle late seg likevel, slik at fliren kunde stoppast. Tilslutt fann eg ut korleis det måtte gjerast. Ig tok eit tynt bord, berre 6-7 mm. tjukt, og la dette inn i holet der skruen skulle passa. So tok eg ein blyant og sette ein lite strek pas toppen av kvar gjengje inne i holet. Desse korta streka overførde eg nøyaktigt pas skruen eg hadde lega, i heile skruen si lengd. Derefter tok og taikn oppen paa gjengerna nøyaktig etter dei strekna eg hadde sett.

(eg) Raar eg no lega skruen ~~xxxxx~~~~xxxxxx~~ passa den med ein gong. Og raar eg so straks lega den andre skruen, vart han overraskeande god. Ig vart sjølvsaigt storglad. Og nær "Koldyen" som var snekker nokre dager seinare besøkte far min, ~~xxxxx~~~~xxxxxx~~~~xxxxxx~~ vilde dei mest ikkjetru seg sjølv vær eg synte dei at høvelbenken hadde fantt skruer.

Denne høvelbenken var i bruk like til eg i 1956 slutta med drifta av "Toftevaag Treindustri" som eg starta opp med i 1946. Etter at eg altsaa vart konfirmert fyrste sundagen i oktober 1925 vart det eindel diskusjon om kva eg no skulde ta meg til med. Det vart til at begge foreldra mine tok meg med ut til styraren på Sunnhordlands Folkehøgskule, - Hallvard Svello. Skulen hadde alt teke til med vinterkurset fyrste dagarne i oktober, men det var altfor fza ~~xxxxx~~ elevar, og etter att Svello hadde bladd litt i karakterboka mi frå barneskulen, vart det til eg skulde faa plass paa skulen med eingong, sjølv om eg ikkje fylte 15 år før den 12 nov. So mandagen ei veka etter konfirmasjonen flytte eg inn paa nr. 16 paa internatet til folkehøgskulen.

Dette vart ei spennande tid for min part. Alle dei andre leverne var mykje eldre enn eg, den eldste var opp mot 30 år. Og eg hadde ein slags følelse av at eg var for ung, og vart i allfall delvis oversett av denne grunn. Det tok liksom ei tid før eg vart godkjend millom dei andre elevarne. Dette kom seg daa likevel etterkvar som eg gjorde meg gjeldande med aa svara paa lærararne sine spørsmål i skuletimarne. -Gymnastikk hadde me vistnokk ein time arnakvar dag. Og det var styraren som ordna oss i dei timarne. Ein dag skulde han visa korleis eir kunde taka ein motstandar og skuva han frå midten av salen, og over til eine veggen. Han valde daa ut den yngste av elevarne som forsøkskanin. Det var meg. Me stilte oss opp midt paa golvet. Han tok godt tak imøg og skulde skuva meg over til eine veggen. Eg var beskjeden og gjorde lite motstand. Dette merka han og stoppa opp og sa at eg maatte gjera so mykje motstand som eg kunde. Men daa gjekk det ikkje likare en at det vart han som vart sett til veggen paa andre sida av salen. Dette løt han vel pver meg for, og etter den tid la eg merke til at ogza dei andre elevarne rekna meg for vaksen.

I skuletimarne gjekk det toleg bra. Me hadde flinke lærarar. Og det readde ein spesiell ekstra stemming over heile skolemiljøet. Eg vil kalla det "Folkehøgskuleaand". Eg vil paastaa at den var god og den var byggjande. Eg kann endaa sjaa for meg, og høyra andre læraren Andr. Liset, nær han frå kateteret sa til oss, -~~KMXXAXXGXJNUTXXXX~~ "Gutar og jenter, set Dykhøge maal". Det var eit godt raad, som dverre ikkje vart nokk paa-akta. Styraren Svello, hadde oss i soga og han var ein flink forteljar. Eg kann endaa sjaa han for meg nær han fortalte om dei gamle Helenarane og deira verk.

Sløydarar var Hans Ballesheim, og dette var ogza ein baade flink og omgjengeleg mann. So hadde jenterne ei handarbeidslærerinde som heitte Ida Solheim. Eg trur ho var omlag 36-37 år den vinteren. Forutan at ho var flink i sitt fag, so var ho eit sers fint menneskje mentalt sett. Og fin aa sjaatil. Vidare var det kjøkkenlærerinda Brita Skurtveit. Skuledirektør Markhus hadde os av og til i samfunds kunnskap.

-Kvar laurdagskveld vart skulestova ryggja og me hadde folkeviseleik. Dette var noko me saag fram til heile veka. Ein av elevarne Oddmund Stokkeland fråa Ogna paa Jæren hedde fela og spelte til oss. Det var ekstra gildt tykte i allfall eg. Men dei fleste av oss var lite kunnige med folkeviseleik. Det var derfor til at styrarer fekk tak i ei kjend lærerinde, som brukte aa reissa rundt i landet aa lærde fråa seg folkeviseleik. Dverre kann eg ikkje hugsa navnet. Ho var vel ei vike hjaa os, og daa hadde me leik kvar dag, fra ut-paa ettermiddagen og til seine kvelden. Og siste laurdagskvelden var det stor avslutningsfest. Me lærde daa mange nye leikar. Solsis var me 12 par som hadde lært oss den sokalla "~~xxxxxx~~" "sverdleiken". Denne eigna seg godt til opvisning paa festen meinte lærerinda. Men daa maatte guttar ha kvite sokkar som rakk til knes.

Nen det var det ingen som hadde. Den einaste ne viste paa Halvord som brukte lange kvite sokkar, det var Johs. Silseth i Softevnag. Ide Solheim meinte det var vor om at han kurde ha so mage som 12 par lange kvite sokkar. Det vart til at eg som var godven med Silseth skulde gaa inn til han og snakka om denne saka. Ein annan slev var og med. - Vi kom inn til Silseth i kveldinga. Han sat paa kjøkkenet saman med husholdersken som koka paa eit eller anna paa vedekomfyren. -- Vår ne hadde lagt fram erindret voart so godt ne kunde, sat han berre ta saaeg framforsleg, og liksom "smudla" litt for seg sjølv, so sa han, - "kor mage per var det da trond"? 12 par se eg, og tykte sjølv det var "styggelegt" mange. "Elsemor" sa han, - "gaa opp paa kameraset og henta 12 par av dei kvite sokkarne mine". Ho gjekk, og var smart ettende med det ho skulde. Ne vilde nest ikkje tru oss sjølve nær ne paa heimevegen hadde ned oss 12 par lange kvite sokkar. - Ne hadde so oppvisning av "sverreddens" på sluttfesten og fekk stor fagnad. Silseth var der og saman med husholdresken. Eg mykje folk elles.

- Litt ungdomsforelskelse var sjølvsaugt ikkje til å koma utanom nær ein ensla ihop ein flokk ungdomar i sopass lang tid. Solleis var dat ein av dei aldaste elevarne som vart svært godven med kyrkjanimarkinaan frk. Solheim, handarbeidslærerinda. Ne rekra med at det kunde verte eit par av dei. Men det vart det nokk ikkje likevel. Iurtimot 40 år seinare sat eg paa Hordhaheimen i Bergen og sat middag. Daa kom ei eldre dame burt til meg og spurde om eg heitte Johs. Tofte. Det var frk. Solheim. Ho kjenda meg att etter sa leng tid. Ne friska daa opp minner frå Folkeshøgskulen. Ho var fremleides ugift.

(20) I den tid vart det også dreve ein sokalla smasbrukarskule paa Folkeshøgskulen. Her kom elevarne fyrt etter jul. Det vart daa stor konkurrans om dei jenterne som gjekk paa høgskulen. For også smasbrukarane var med paa leiken om leurdagskveldarne. Igjor min part var jo svært ung og nokså beskjeden nær det gjaldt jenter. Likevel hende det seg at nær ne tok avskjed etter kurset, var det ei jente som ville at eg og ho skulde skrive til kvarandre. Jenta ho var både fin og flink, men likevel kom eg næg aldri til å gjera alvor av den skrivinga. For om lag 20 år sidan var eg også paa aalefiske i heimbygda til denne jenta. Igjor kom daa 18-makk med ein gammal marr som eg fann ut var far til same jenta. Han fortalte daa at ho var rt gift med ein ~~igekkja~~ ingeniar og budde i Stavanger. Men hadde daa vore enkja i nokre år. Ho var altfor tjukk vorten meinte han og. - Pi den tid hadde ne ikkje straum her i Sunnhordland. Få skulen var det ein liten "Rubb" som dreiv ljøset. Denne sette "Toren", vaktmeisteren i gang i kveldinga og stoppa han i 10-11 tida. Ia vart alt myrkt og stilt, skulde vera i ~~ikkje~~ allfall. Inngått vatter var det heller ikkje. Dette meinte kvar enkelt henta i eit stort trefat (olivenfat) som stod redmed veggjen og va-rt fyllt av vaktmeisteren.

Eg er klar over at denne vinteren paa Folkeshøgskulen sette eit ekstra "preg" paa meg, som eg har havt med meg heile livet seinare. Det er like sterkt endes, og eg vil ikkje verte av med det. Ne fekk ikkje karakter paa skulen, men ne fekk eit vitnemål. Det stod paa dette at eg hadde skikka meg vel, og gjort "sers store framsteg". - Neir teoretisk skulegang vart det likevel ikkje for min part. Dette var av økonomiske grunner. Tiggargang kunde eg vel ha gnaatt som suse andre gjorde. Men dette er noke eg altid her havt mykje imot, sera mykje. Er nokk ikkje fidd med "trele sand."

Det var eit godt kameratskap paa folkehøgskulen, og har eg berre gode minner. Han fras Ogna paa Jæren som hadde fela lærte meg litt om felespel, og eg fekk laana fela hans, slik at eg kunde enkle tonar nær me slutta av kurset. So smart eg klarte aa skrapa saman nokk pengar kjøpte eg meg ei stradivarius fele fras H.T. Ruud i Stavanger. Den kosta 65 kr. med kasse og boge. Det var store pengar. Men hadde baade eg og andre mykje glinda av ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ dette i nokre ungdomsaar. -Men etter at eg hadde henne ned i lugaren paa ein liten fiskebaat eg og tror min kjøpte nokre aar seinare, gjekk ho opp i limingane. Etter at eg so sjølv limte henne i hop miste ho lyden, og i 1935 selde eg henne til ein ungdom for 20 kr. Minnet fras skulevinteren ved Sunnhordlards Folkehøgskule er eit av dei beste minne eg har fras heile livet. Det skrivebordet eg laga paa sløyden der har eg brukt til denne dag.

-Til Paaske var kurset slutt, og det vart paanytt eit spørsmål for meg kva eg skulde slaa inn paa. Åa faa seg arbeid for ein 15-16 aering i 1926 var ikkje ein gong aa tenkja paa. Det var ikkje eingong paa langt nær arbeid til dei som hadde familie aa syta for. Eg kann hugse at far fleire gonger maatte ta litt av Amerikapengarne sine, som til vanlegt ikkje maatte rørast, og laana ut opptil 150 kr. til slike som hadde familie som rett og slett svalt. Eg trur likevel at han fekk desse pengar att, slik litt etter kvart. Det var ogsaa rett som det var at einkvan kom og bed om at han maatte "skriva på" ein veksel, slik at vedk. kunde faa pengar i banken. Dei var daa altid fleire om dette, slik at risikoen skulde verta mindst mulig paa kvar. Etter at eg rett som det var høyrde på om kor stor fare det var med aa "skriva paa" til hin eller den, ~~xxxxxxxx~~ vart eg heilt overtydd om at pengar, det var det einaste i verdi som verkeleggt var aa ta omsyn til. Absolut alt anna kom seinare i rekkja. Denne overtyding tyktest ogsaa dei ha som styrde med barkarme. Og daa serlegt i Eid Sokn Sparebank. Det stod etterkvart heilt klaart for meg, at den Guden desse folk trudde paa, den heitte "mammon", sjølv om dei snakka sers mykje om ein annan, nær dei stod i bedehuset eller i kyrkja.

So aa segja den einaste jobben ein ungut kunde gjera seg von om paa denne tid, var det "aa gaa med noto" som det vart kalla. Det leid mot den tid som brislingfisket skulde ta til, utan at eg hadde kome fram til korleis eg skulde ordna meg. Eg hadde ikkje spurt om plass med nokon av alle dei not bruk me hadde paa Halsnøy. Men 3-4 dagar før fiskeb skulde taka til, gjekk eg utover til Lidsvik og vilde spryra ein notbas som heitte Andr. Eide om han hadde plass til meg ved sitt not bruk. Det var ein fin vaardag, og notbasen sat paa ein steingard ved sjøen der. - Eg gjekk burt til basen, sa kven eg var son til, og spurde litt om kva eg tidlegare hadde gjort. Men tilslutt sa han dei var 12 mann før, og dette var rikeligt. -- Men, sa han, - "klarar du dra meg i krok kann du faa vera med". Og so rette han litefingeren til meg, og bad meg ta tak med min littlefinger. Det han ikkje viste var at me paa Folkehøgskuler heile vinteren hadde havt akkurat dette som hobby mest kvar kveld. Eg tok difor tak med eingong, og drog han red av steingaren. Han vart litt betenk og sa att er du ses sterk so faar me dra med "storefiningen", og rette denne til meg. Eg tok tak og drog. Han maatte gjeva seg, to gonger. Daa sa han at "her eg sagt det kann du koma". Og eg vart med som den 13. -Paa den tid var det ikkje motordrift av smaabaatar, og som yngstemann vart eg som det var vanlegt, sett til å ro paa Lettbaaten som det heitte. Eg rodde altssa basen nær han "loddar" etter sild. Eg rodde mykje den sunaren. Det var eit slavearbeid. Eg rodde heile ~~xxxxxxxx~~ dagarne, medan dei andre sat ombord i skjøyta og spala kort og sola seg .

Men det var god trimm, og eg vart sterk i heile kroppen. Med fisket gjekk det toleg brukart. Serlegt fekk me sitt godt kast inn i Varaidsøy i Hardanger. -- Etter fem vekars fiske vart det halde skifte. Lutet vart dae kr. 530,- og alle me ungutarne som var med tykte me var rike. Om me reknar dat om til det verd pengerne varre har i 1980, vil det verha 15-20 tus. kr. Eg kann hegga at i tida etter skifte vart me irre i Hardanger, i Ulvik og Granvin. Ser kjepte eg ei brukta kickra av ein sokalia "fant". Priser var 20 kr. Det var eit lommeur som gjekk "perfekt" 35 aar. Det var og mange som dae mytta høvet og gjekk paa Fredes Hotel i Ulvik, og tok ein fest som det vart kalla. Det var helst Varsa-31 dat gjekk paa. Dei ungdomarne gjekk og paa dans i ungdomshuset i Ulvik. Detta huset brann opp seinare veit eg. Men der var me lite velkomne, og me fann det tryggast se vera mange i lag naer me gjekk paa dans. Vennerne var baude fine og trivelige, men sexxyggskona me dei var litt redda for aa ha noko remranda forbindelse ned "nothundarne". - Dei hadde nokk ikkje lov til dette hverken for foreldre eller ungkarane i bygda.

--- ~~Xxhokkdxmukjaskjyza~~ Ombord i surpeeskjyta var altsaa 13 mann. -6-7 av oss var vel litt ustyrlige av og til, noko som gjerne gjekk ut over eini 30 aarsalderen som vart kalla "krallfoten" paa grunn av at han var sirdel hjulbeint. Serlegt lika me han ikkje paa grunn av at han laeg so sterk kaffi. Ein dag fekk eg tek i ei lita sokalla "korskonta", ikkje sterre enn at ho kurde legrjast i botnen paa "krallfoten" si kaffekrus, som tok mindst ein halvliter. Og ettersom denne kruse altid hadde meir eller mindre kaffigrut ligjande i seg frå maaltid til maaltid, kunde "krallfoten" ikkje sjaa korskonta som laeg under gruten. Teste maaltid fylte han som verlest godt opp i kruse med kokande kaffi, og tok til av drikka til maten som varlegt. Men naer det mirka paa kaffien i kruse, vart korskonta synleg i botnen av kruse. Krallfoter vart storsint, men det var ingen ombord som kurde skona korleis korskonta kunde ha kome i kruse. I lange tider seinare kurde det henda naer me drakk kaffi, - at ein kvar sjo frampa om den kaffien me drakk av, den kunde ikkje ha rette smaken etter "krallfoten"-sin smak. - Alles vart det snakka om, og diskutert mest alt mulig. Soleis var deg eingong snakka om bading og kor ofte ein burde ha storvask paa sjølve kroppen. Daa var det at ein gammal mann paa ca. 70 aar som hadde vore ein mannsalder i Amerika, forklarte at noko al-overvask, det var heilt unndvendig, for han hadde i allfall ikkje hatt vett paa sjølve kroppen paa minst 25 aar. Likevel feilte han ingenting. Ettersom denne 70 kringen var kokk ombord, vart det orda frampa om at han burde hivast overbord og slepsat etter skjesta nokre kvartmil under full fart. I det store og heile var det likevel helst gode og koselege tilhøve tilbom oss alle. Vi hadde trekapsel ombord, og naer me laeg i havn om kveldarne var dette ofte i bruk. Og det var og tydelegt at det hadde ei viss tiltrekningsskraft paa ungdomar paa land, - av begge kjøn. Det var i det heile ein god og minnerik sumar me hadde i 1926.

-For mën part vart eg godven med basen og dei som eigde bruket, slik at eg fekk tilbod om at dersom eg vilde vera med paa vintrefisket neste aar, skulle eg ha 2 lutar. Dette var mest ikkje til aatru for ein 16 aering, so eg sa jatakk.

-- I nærmadsakifftet januar-februar 1927 reiste me "til havs" som det vart sagt. Det var med land-ot, og me drog til KK Bommelhaugen. Skjyta vart godt fortøydd inne paa hamnen, der det og laegde mange andre frø for. Lei fleste basarne sat lange tider oppe paa ein haug og sang etter "sildesyrer" som dei kalla det. Det var helst mykje fugl og so kval dei helst vilde sjaa. Men ettersom desse forventningane ikkje vart oppfylte, vart det førebils reire latmannslivet for oss andre. Det gjekk helst paa kortspel om dagane,

og om kveldarne gjekk me paa dans paa ei sjubu paa eine sida av Langevaag. Her vert me godt kjende med ungdomen paa øya, og det raadde kameratslege tilhøve mot begge kjøn. Jenterne her hadde ikkje noko forbod mot aa snakka med "nothundarne", slik det gjerne var innre i fjordarne. -Noko stort sildeinnslig vart det likevel ikkje ved Bømmelhamn denne vinteren. Men det kom melding om at det var sett "sildasynar" baade i Bærøyfjorden og ved Mosterhamn, og ved Klungervikarne. Og sjølv om me unggutarne lika det lite, so vart det til at me om ei tid flytte med notbruket inn til Notlandsvaagen ved Moster. Og alt andre dagen her kom silda. 8 mann vart kommandert i notbaaten, som var ein stor gavlebaat rodd av 6 mann, ein mann snudde den rullen som sette nota isjzen, og ein mann styrde. Det var fint og stille ver og me rodde litt utover frå Notlands-vaagen til ei vik som heiter Varravik. ~~XXXXXXXXXXXXXX~~ Eg rodde som før paa "lettblaaten" med basen i bakskuten. Etter aa ha venta eitpar timar her kom det so mykje sild opp til land, som i allfall eg aldri seirare har sett. Ho sumde heilt opp til taren, og so høgt opp mot sjølaaket at eg kjende silda paa aareblada nær eg rodde, og det vart store holer i sjøen, og det kom opp fleire store seiar som var so sprengde at me fekk take to av dei inn i feri-gen. Og slik var det langt utover. Det var mest utrulegt. -Nota vart sett godt fast i land og sett ut paa Sjølve Varravik. Og det var so mykje sild baade innanfor og utanfor nota at ho vilde ikkje spikkja til botnar. Me kunde sjaa at grunnen som det kraftigt med stein paa, var berre ein meter eller to ned i sjøen. Tilslutt kom han daa likevel til botnar, og nota var stappfull av sild. Det vart so sett ut ei not til slik at det var to nøter utanpaa kvarandre, og so vart det sett mange og kraftige plenter og kagger paa begge nøterne.

(var)

-So burde me sjølvsgått strakst paa timen teke til med aa ta opp silda, medan veret var fint. Men det vilde ikkje basarne. - Ho skulde seljast "i sjøen" som dei kalla det. Det var nemlig ikkje fryseri paa den tid. I staden var det fleire i Haugesund som kjøpte sokalla "henstandsblaass". Dei ruste silde-mengda, sette eigne laasnøter ut, og tok so opp og eksporterte silda utover vaaren. Dei gjorde nokk bra forretning paa dette. Men so viste det seg at paa Varravik var det ingen som vilde kjøpa i sjøen. Det var for verhardt meinte dei. Dette viste seg aa vera so altfor sarnt, for daa me etter 4-5 dagar tok til med aa fca silda or sjøen, kom det ein kveld ein sterkt ~~XXXXXXXXXXXX~~ sydvest vind, slik at me maatte slutta av opptaket. Og neste morgen var nøterne skaferne og silda burte. Det var berre ein liten part av det store kastet me fekk berga. Dette var ei syrjeleg hending. Og det vart helle ikkje nemnande meir fagst paa denne turen. Vaar me skifte vart luten omlag kr. 150,- Men eg fekk altsaa det doble. Same dagen me gjorde dette storkastet med vaar landnot, kom det til fleire snurpebaatar, som alle lasta seg heilt red til rekka og vel saa det. Dette aaret kom det vaarsild eller "forfangst-sild" som ho vart kalla, heilt inn til Halsnøy. Ho gjekk og vakta om kveldarne til langt paa vaaren. Og det vart kasta eindei av folk som hadde makrelnøter. Dei kunde gjera det betre paa dette enn me som hadde vore "tilhavs".

-Medan eg var paa fiske hadde far min og Andr. Koløy ~~makem~~ bestemt at huset vaart her paa Euneset skulle paabyggjast. Og so smart eg kom heim fraa fisket vart eg sett i gang med at laga nye glas og dører til huset slik det skulle verta etter paabyggjinga.

-Koløyen gav meg ei sver lista og ein stor dunga med materialer. Den gamle høvelberken og det gamle verktyget eg hadde skaffa meg, vartt teken i bruk paanytt. Og dei rekskaper eg mangla vart laant av Koløyen.

Eg kløyvde plankarne med langvedsag med handemakt, so sveitten rann og heldt på til seine kvelder, slutta sjeldan før kl. 10 -11. Falserne i karmar og sprosser vart alle falso ut med handemakt. Eg hadde ingen mekanisk drivkraft, men eg var kraftig og sparde meg ikkje. So til slutten av mai das brislingfisket skulde starta opp var det nusta av glasi ferdige. Men dørrer laut venta til etter fisket. Den brislingfisket i 1927 vart ein fiasko.

(var) Ne fekk so lite at det ikkje var rimane. So ne slutta tidlegt ned dette, og la opp bruket.

"So gjekk me i gong med husvile. Ne utvida baude i lengda og i høgda." Koldyen som var ein sver arbeidskar var i sine beste år, og det gjekk "redigt" med lange dagar. Det gjekk ikkje so lang tid for sjølve ytterveggerne var på plass. Eg vart den sett til å arbeida med dei dørrer me trøng nye. For min og Koldyen tok seg av det andre. -- Ein dag skulde dei mura opp ein ny skorstein i den nye enden av huset. Denne delen var fyrebils open like fram kjellar til loft. Dei tok til med skorsteinen frå kaka i morgonen av. Dei arbeidde flittigt, sautdigt som dei sakkja i eit hjør. Legge var høgrøysta, so eg kunde høyrja at dei sakkja mykje om Amerika, og skikk og bruk der. I tid over middag var dei komme opp til golvet i andre høgda, og eg høyrde far min meinte at dei no snart skulle setje opp eitpar planke til es halde skorsteinen, ettersom han ikke ga litt paa skræs opp til møtet. Men detteasta det ikkje med meinte Koldyen, og so heldt fram med muring og snakk. Men ei kort tid etter vart det plutselig stille med alt snakk, og so høyrde eg eit skremmelegt brak. Eg sprang ut og såg at heile skorsteinen var romla ned og låg strødd over heile golvet i nedste etasje. Det stod berre vel ein meter att rede ved golvet. Det var vermaast ei sokalla "låtteløye" som helst ingen meinte vita roko um. Eg dei gjekk ned ein gong løs med en mura opp pånytt. Sjeldan har vel ein skorstein kome so snart opp som no, dei heldt på til langt på natt.

--Det gjekk elles bra med byggjinge, - likevel synta det seg at "Koldyen" var litt skjøytelus nær han sette opp stelling til av stan pan. Det hende veg eitpar gonger at heile stilaset ramla ned, men das likevel utan at nokon kom serlegt til skade. Til nynget var huset ferdigt, og ne hadde seirare rikelegt med husrom på Runeset. På sdrørsida var det utbygt ein stor glassveranda som eg hadde laga alle glasi til med handemakt. Urigt Handelsmann Johs. Silseth lait mykje vel over meg for dette, og han vilde leige meg til ei arbeida for seg. Og seinare arbeidde eg og i kortare periodar hjøs han, over fleire år frametter. Det var brude snekkararbeid og jorderbeid, og arbeid med bier.

-Fraa jan. 1928 var eg heime, me laga ny vei på Runeset, og dreiv elles med as dyrka opp nokre døkar me hadde som var udyrka.

Det var god trimm. Ne tokk opp veitar i hard leira med spa og veitegrev. Ne minnte mykje stor Stein med hammar og vinebor, og hadde elles og berre handredaskaper. Ne laga ei sokalla "steinemur" som ne kjøyrde steinen til sjøen på. Det vart ei heller stor steinfylling i stranden der me la det. -Det var no nokre som hadde teke til med noko dei kunne å spenna fotball. Men dette var ikke noko for meg. Eg var aldriig med på dette. Eg hadde rikeleg trimm med arbeidet heime.

-Ne skulde og bygga ny lida på små-bruket vært. Ne mannta das skjyts ut tomt, fyrist og fremst til gjeddeselkjellar. Som sjef for dette arbeidet leigde me ein kjend "rallar" som heitte Feder Løkberg. Han hadde millom anna vore med å byggt Verviktauren, og var ein kjempesterk nordlanders. Eg ein sars gild menn ei arbeida saman med. I 5-6 veker minnte og skaut eg og han ferdig tomter til den lida me endar brukar her på Runeset. Alt med handemakt. Eg fekk sars stor respekt for Løkbergen av fleire grunnar.

Eg trur det er den sterkaste marr eg har truffe i mitt liv. Han kunde taka vanlegt kveitelinesnøre av hamp og slita det av over ryggen. Og han tok eingong ein Stein som eg trudde ingen mann kunde makta, og la han opp paa kanten av tomtten, - som var omtrent ei mannhågd. Han tok berre 5 kr. dagen og kosten. Stor familie hadde han og, so det var sikkert ikkje mykje aa "flotta seg" med. Likevel var han altid i same godlaget. Han budde i Bjørgen som daa høyrde til Skaanevik herad. -Slike folk faar dverre hverken bauta eller medalje.

- So langt eg kann hugsa atende var det vanlegt det til Softevaag og andre stadar rundt i Sunnhordland kom folk frå Rogaland, -daa serlegt frå Karmøy og fiska etter aal om somrane. Iei brukte teiner av ~~xxxxxxxx~~ fletta brake. Eg fekk intrykk av at dei gjorde brukande fangstar for det meste. Ein av dei mest aarvisse vart kalla "Daven". Det var ogsaa nokre marr herfrå som hadde eindel teirer som dei brukta eindel om haustarne. Men dei hadde helst smaa og daalege farkoster, so dei kunde ikkje fara so vidt, so fangstarne vart ofte i mindste laget. Men nær me saag paa at dei kunde faa aalen like utanfor baatstørerne være, var det likovol fristandes aa skafia seg nokre teiner for aa sjaa om det kunde verte nokre kroner ekstra. So maatte eg lura aa bitta aalesteiner. Men det var det ingen som kunde lura meg her. Teinerne dei brukta her var kjøpte i Muren i Bergen for 3 kr. stk. Men det kunde ikkje koma paa tale for min del. Saman med den 6 aar yngre bror min gjekk me i gang med aa laga brakateiner. - Me tok til med ee laga ein type me hadde set, som hadde lause insette kalver. - Men me var missnøgd med desse. So me skaffa oss ei av dei som var kjøpte i Bergen til modell. Desse var laga akkurat som ei flaske med "tjuabotn" i, som altsaa var inngangen for aalen. Og so kork i endre enden for aa töma ut aalsen. Me forsøkte paa forskjellige framgangsmaatar, men teinerne vart likevel ikkje slik me gjerne ville dei skulde vera. - Eg skjøna at det maatte finnast ein betre metode aa laga desse teinerne pas. - Etter eindel forsøk laga eg eit sett med former av tre som me batt teinerne paa, det var serleg svingen inn til kalven det hadde vore problemer med. Men no gjekk dette storfint, og alle teinerne vart gode, og akkurat like. Me laga oss litt over 100 slike teiner utover vinteren, og rekna med aa fiska med dei neste sumar. Me sette oss store voner, me skulde ut med eige bruk. - Aaret 1928 tykte eg hadde vore eit driftigt aar.

-- I februar 1929 fekk eg tilbod om aa vera med Anders Kloster sitt notlag. Dette var ein flink fiskar, men skjøyta hans var mindre bra, og vart paa folkemunne kalla for "Forka". Men daa eg fekk løfte om 1,5 lot slo eg til. Det var lønnot, og me drog først nordover, og tilslutt la me oss til i Blomvæg. Silda stod og utanfor der, men det vart i heile to veker eit uavbrutt ute, so det var ingen som fekk fangst. - Eg kann hugsa at me ein sundag var til kyrkje der, og saag daa at det stod ei lang rekke av treskor i forganger, som folk hadde sett av seg før dei gjekk inn i kyrkja.

-Vaar uveret gav seg, leid det so langt paa vinteren at me rekna med at silda nærsonhelst vilde koma tillands ved Boar i Rogaland, eller ved Skudesnes. -Me gjekk derfor til Koparvik og laag der nokre dagar. Me ungdomarne nyttar daa høvet til aa kjøpa oss eit karlad paa folkebadet der. Det kostar ein krone. Det var mange fiskarar i byen og jamnast kø ved badet. Me var ogsaa paa ein tilstelling der dei viste fram forskjellige skjetser. - Det var akkurat i desse tider at Kaarbø og hans hjelpefolk heldt paa med aa organisera fiskarane til det som seinare vart til Stor & vaarsildlaget. Mange var sjølvsagt i mot dette av private grunner. Ein slik skjets gjekk difor ut paa at det kom ein svært lite fin marr inn paa sera og sa med sers grovt male, - -"Dette er eg, eg, - som var so stygg nær eg var fødd at jordmora var redd aa visa meg fram til mor mi". -Det var tydeleg at det var Kaarbø det var sikta til.

Iet var ein svært lite taksem jobb han tok pas seg. Hadda det vere i dag hadde han ikke vært vore skulde for å vera en-ten kommunist eller naziist. For styggare skjeldsord har ein vanlig ikkje tildessar fyrre opp. Men fortelje at daa eg meir enn ein nærsalder sei-are son formann i Nordland Fiskarlag, held ei kort minnestale over Kaarbs, og nemnde litt av det han hadde gjort, var det med ein merkeleg følelse og minstent ovenfor nemnde objekts.

Møtter nokre dager i Kopervik fekk me høyra om "sildesyver" ved Bokn. Me gjekk derfor over bortil og untra saman med fleire andre opp pas den gode havren der som vert kalla Nilen. Det var gjort avtale om "leg" som det heiter, og det vart delt ut vakter. Det gjekk beller ikkje lang tid før silda kom inn til landa, og i fellesskap gjorde me brukbart steng. Silda vart etter eit par dagars arbeid forsvorlegt laesaet, med dobbel net og mange "plantes".

Møtter ein del forhandling vart sildi solt til Stavlesen frå Haugesund. Og om eitpar dager kom det ein socalle "isebaat" og skulde ha last for England. Dei hadde med seg mange folk frå land som ikke silda i femakjeppeklassar og spikra lasset pas kassarne. For oss "nothunderne" var dette reine slavearbeidet. Det var kald sydvest vind ned snøbyer, og alle nottingi måtte vera ned til baaten var lasta. Det kunde ta eitpar dager, og arbeidet måtte gaa i eit kjør.

Fyrst måtte me gjera orkaet i laesaet, so haava sildi inn i baatarne med handemakt, og so komme seg burt til isabanten. Denne firde so ned i baaten ein hektoliter som se so måtte haava sildi oppi.

Ei av oss vart so heist opp pas eit stillas pas isabanten, og stod so der og tippa hektoliter i ei renna som farde silda ned til dei som ordna med isinga. Slatt silder-grups var det overalt og me var alle kledd i full oljehyre. Kassarne stod tidvis en saag etter at alt gjekk som det skulde, men av og til var dei ein tur inne hjørra ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ sjefarme og vermede seg, - baude utan og innanfron. Om lag i totida om natta vart det min tur til en anna pas stellinga aa tøm hektolitrane. Dette vart rekna for å vere eit slags kvild, og gjekk derfor pas omgang. Ein av sjefarme var rett som det var ute or lugaren og gav kjeft for et hektolitrane ikkje var fullis røkk. Dette gjorde han sjølv om dei som fylte hektolitrane fylte pas til det rom yver kvar einaste gong. Dette vart verre og verre og tilslutt vart han rett og slett uforskamma. Og vart den so erg at eg let det vera eitpar bætter sild att i ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ hektoliteren, svingle so denne lit tilaides og tønde det heile rett nedover hovudet pan han, og sa at no skal du fås nokk sild.

Som ventarla vart han aldeles restende. Det vart stopp med all lensing, og eit svært oppatyr. Men eg kunde godt skjene at isamnaskapet frå land, tykte det var eit godt stykke arbeid og hadde gjort. Men noko lang stopp kunde dei ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ likevel ikkje tala. Baaten måtte ha last last. Men det måtte ein ny mann pas stellinga, og eg måtte ned i baaten til sildegruppa. Om engre ikkje. Men ufulgjare arbeid enn det aa "ta op" sild pas gamlearten kann eg knapt tenkja meg. Baaten fekk den likevel last og for til England. Me fekk og opp resten av silda litt etterkvert. Men noko god vintretur økonomisk vart det likevel ikkje, sjølv om eg fekk 28 1,5 lot. Vi laag fleire veker der i Skon og varta pas meir sild. Men da kom ikkje. Vi mytta tida til aa legn oss russer som me skulde fiska torsk med. Mypte tredd i Kopervik og set oppa og batt til langt pas natt. Det var godt kameratskap ombord, sjølv om me vart litt plaga av ein eldre man som hadde vore mesteparten av sitt liv i Amerika. Han hadde det med at han reiste opp kvar morgon kl. 5, - og gjekk i gryg med to stora flesk ned i lugaren, slik at me mest vilde haust kva last. Tilslutt vart det endelig slutt pas flesket bua slik at me kunne puste.

Dønre Amerikanaren var og svært snakkessalig, og fortalte ofte tildels utrulege hendingar frå ~~xxxi~~ "over der". Men kva som var sanning og kva som var dikt er heller uvisst. Men kom heim frå denne "havturen" ved maanadskiftet mars-april, og var nokk litt missnøygde.

-For min part gjekk eg straks igang med eindel snekkararbeid til eige bruk, og til foreldra mine. Eg laga bord og stolar og anna. Men etterkvart som det vaarast maatte me gjera klart aalebruket som eg og bror min skulde ut med. Men laga kassar til å samla aalen i, før den skulde leverast på Moster, og levandes. So maatte me ha eit eller anna fartøy. Men dette saag ut til å vera eit uløyseslekt problem. Men var ikke i Kyrping og saag paa ein motorbaat som laag til salgs der. Den koste 1200 kr. Det var mykje pengar paa den tid, og me hadde berre halvparten. Vona me skulde faa betala ~~xxxxxx~~ resten ettersom me fiska over eit aarstid. Men han vilde ikkje betru oss so mykje. - Far min sine Amerikapengar var og uløysande. Det saag ikkje bra ut. Enden vart at me fekk laana ein liten motorbåt som den før omtala "Koløyen" var eigar av. Denne var i mindste laget, men likevel brukbar. Det var daa ein liten lugar so mykje me kunde sova aasta under tak. Men lange veier kunde me ikkje gaa med so liten farkost.

-Den 19 juni 1929 hadde me aalebruket klart. Me viste og at omkring Samkt Hans vilde fisket etter aal taka til, og ettersom det var svært lite arbeid paa land, var det sers mange som forsøkte å faa seg nokre kroner ved fiske etter aal. Det var folk frå heile Hordaland og frå Rogaland. So konkurransen var hard. Eg kjende til at ein som eg var ~~syskirbarn~~ til, Erling Isdal, hadde eit lite brislinglaas ute paa Sandvika, som han brukte til å "fly" etter sei med. Han slepte altsaa ut or laasen svimlesild og nær so seien kom og tok silda, ~~hun~~ kasta han inn so mykje han kunde koma rundt. Seien vart so seld levande til Bergen. Han hadde halde paa med dette i vekevis og gjort det bra. Eg tenkte meg at denne "flyinga" også maatte ha samla noko aal. So den 21 juni 1929, tok eg bror min Gjert med meg og so reiste me til Sandvika, og sette teinerne være der om kvelden. Me var so spente at det var lite me sov om natta. So me vart tidlegt opp og drog teinerne. Det vart storfangst. Me fekk 50-60 kg. som var verdt like mange kroner. Me sette paa same staden 4 netter etter kvarandre. Daar var det slutt. Men me hadde paa første veka ca. 160 kg. aal, og dette var me sers fornøyde med. Me fiska også noko meir i veka etter slik, at daa me gjekk til ~~xxxxxxxxxx~~ "otlandsvaagen" paa Moster og selde aalen fekk me betaling for 220 kg. Dette var noko mindre enn me hadde rekna med. Han som kjøpte aalen tok svært små vekter, og han brukte ein turr sekk til aavega aalen i. So maatte det trekkjast av vekta av sekken for kvar vekt. Men først vart sekken godt vaska i sjøen. Av denne grunn vart sekken svært ~~inxix~~ svært mykje tyngre. Seinare selde mee aalen andre stader. Ved eit høve var me like til Haugesund. Me var daa fleire som gjekk i lag paa ein større motorbaat som Lars Lauvdø Eide. (Pete-Larsen) Denne sumaren fiska mee aal rundt om forskjellige stader i Sunnhordland. Heile fangsten vart omkring 1100 kg. og paalag like mange kr. Me tykte dette var brukbart siden det var vært første aar, og me rekna med at det skulde vært meir fangst neste sesong. Vær fisket var slutt gjekk me i gang med å laga oss humrateiner. Me batt garn av hamptraad, og me laga oss endaa fleire torskeruser. Daar denne tid tok hummarfisket til den 15 okt. Me var daa ute ei tid millom anna ved Fittelsnes, Ilholmen og Hidle. Men mest alle folk fiska daar hummar so det vart altfor lite paa både oss og dei andre. So me slutta av dette. Eg vart heime og gjekk paa eit snekkerkurs.

"Var ein set seg tilbords i dag, og faktisk frotsar i mat av mest sile sing, kann det vere av interressen du veta kva du hadde pas bordet i din barndom og ungdomstid.- Til kveldsmat var det ofte graut av ymse slag, karokje med sokallia sprøngd sausjolk, dravle kalla me det. Karokje litt sukker til. Til middag var det ofte fisk, fersk eller lettalta. Ein laga og lutefisk, og plukkfisk. Vidare sjølvsagt poteter og saftsuppe. Alt av eigen produksjon. Lut inna me av oska. Den maste vera av leuvved. Ein gong i veka, som oftest hver onsdag hadde me "stoppa" laga av poteter og kolrabi, med flæsk og grisekjøt, også av eigen produksjon. Til "stoppa" hadde me altid flatbrød. Mandag var det oftest salt grisekjøt, og sv og til med ertersuppe. Ein sjeldan gang kunde det vere kalvesteik.

Laurdag var det jammast sild av ein eller annen sort. Evar vaar i mars kjøpte alle folk mindst ein kasse med veersild. Men mange kjøpte fleire kasser. Det mester av silda vart mykk røykt, og hjør mange eltar kraftigt røykt. Ia denne tid steg det opp mengder av røyk fras alle gardar. Det vart brukt utvendige store mengder med brøke til dette."Onkel Tor" som eg her fortalt om tidlegare brukte åleis aldri mindre enn eit heilt hunkkunns hestelass til dette.

-Med sene silda var mykk vart ho kokt, og me tykte ho var svært god, sær med gode poteter, pluss saftsuppe med flatbrød tilslutt. Seinare ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ ettersom silda turka, sat me hennar i speke, og gjerne baade til middag og til kvelds. Røykjesild var noko dei hadde nokk sv. Ein hadde og gjerne eit mindre parti med saltasild. Av denne kokta ein "Sildasodd" med kolrabi og poteter. Det hende og at sivkven fekk vera med når det vart høsta makrel i nærliken her. Daa fekk ein lut. Det kunde varta baade ei og to bøtter. Daa var det fest. Makrel vart rekna for svært god mat.

Lettsalta vart han bruka til "makrelaadd". Men ein brukte han og i speke til poteter og flatbrød.

Til frukost var det kaffi og brød. Detta vart ofte kjøpt, men ein laga og brød sjølv. Og so kaker, av poteter, eller karokje sokallia mjølkekaker. Ein brukte separert eller fløyt mjølk.

Av peallegg var det margarin, sirup eller sukker. Anna peallegg viste ingen om. Det som hadde gard hadde likevel litt sokallia pris.

Egg eat ein berre i fiskeheileg. Det hende me som ungar var i børnehuselet og "stal" med oss nokre egg som no tjuvkokta, men dette var svært sjeldan, for vart det oppdaga, vart det kraftig med juling. Egg skulde seljest.

Karet 1922 står for meg som eit ekstra minnesar. Det kom daa til mya vaar ein som heitte Feder Berge. Han vart leda av "Kinamisjonen" ved han braut det ut stor sokallia "vekkelse". Det vart akkensleige tilhøve. Folk saule seg soman i "Zoar" og i kyrkja, både gamle og unge. Feder Berge preika i velkjend Halleby stil, og skremde folk my so dei vart hysteriske ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ og la seg paa kna og skrekik og bed. Det var rett og slett uhyldeleg. Ein stor part av alle folk paa mya vaar var med paa dette. Det varte i earevis, sjølv om det døpta noko av daa ein annan tilreisende enevar fekk ein unge med syster til kora si. Det ei-aute gode eg kjører til av det som fylgde med denne sokallia "vekkelsen", det var at ein man vart so "gudelig" at han tilstod at det ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ var han og ein annan som hadde gjort eit pengetjuveri, som ein uskuldig ~~xxxxxxxxxxxxxx~~ tredjemann tildes hadde vore skulde for. Det er no alle forlangst døde.

Derre Halleby si diktatorind har elles vore oppfriska med nye sokallia "vekkelsar" fr om anna, og det er enno ei-del att av dette på mya vaar. Singel av deltekerane meiner nokk dette erlegt, men enkelte har misbrukt denne sokallia kristendomen som ei plattform for å vinne politisk makt, som dei se har misbrukt paa det grovaste.

Dette skal eg fortelja meir om seinare.

I aara 1930 og 1931 var eg delvis paa fiske med brislingbruk og delvis paa aalefiske, humrafiske og garn og linefiske. Var og litt i arbeid hos Johs. Silseth i Toftevaag. Det kunde vera mangt aa fortelja fraa denne tid. Det faar likevel vera, men skal eg berre fortelja at noko slikt som "fritidsproblemer" vart heilt og fullt ukjendt. Men hadde me eit anna problem som gjekk utpa at me fekk for lite tid. Mykje forlite.

-Sumaren 1932 vart baade eg og bror min Gjert med "Landarane" si brislingnot. Eg hadde 1,5 lut, og Gjert var kokk for ein lut. Dei hadde ein kutter som heitte "Wjord" og ei bra not. -Det gjekk slik at etter ca. 5 vekars tur fekk me nokre hundre i lot.

-Og som avtalt paa fyrehand slutta daa baade eg og Gjert bror min for aa halda fram ned aa fiska etter sal. Me var no i den heldige stoda at me hadde "pint" saman nokre kr. slik at me kunde kjøpa motorbaat utan aa be hverken den eine eller andre om hjelp.

Det var ein 24 foës baat tilsalgs paa Sunde. Dei som eigde den var som dei fleste andre paa denne tid svært oppraadde for pengar, og ettersom me kunde betala baaten paa flekken, - fekk me han for den billige pris av kr. 520,- Den hadde 5 hk. rappmptor, og var i toleg bra stand. Den hadde ein god luger og eit lite lasterum, samt ruff over motoren og styrehus oppå den. -Me kjende oss "ovenpi" me hadde eigen baat. Og me gjekk alt andre dagen ut paa aalefiske. Bror min hadde og kjøpt ein heilt ny og fin fering som me brukte paa fiske. Det gjekk toleg bra etter den tids krav. Me fiska heile sumaren rundt i Sunnhordland. Me hadde litt vasnakar med aa skaffa oss agn til kann kvar dag. Dette maatte nemlig vera heilt ferskt dersom me skulle faa brukande fangst. Likevel selde me sal for 12 -1300 kr. og dette vart rekna for brukande resultat på den tid. Noko liknande vart det ogsaa i 1933. Om haustarne var me ute paa hummar og krabbe fiske. Skulde me faa nemndene fangst av hummar maatte me ut i Bømlafjorden. Men der var tilreisande fiskarar svært lite velsedde. Dei sa rett ut at dei trøng hummaren sin sjølve, og det hadde dei nokk rett i. Me forsøkte oss difor i Rogaland, ved Bokn og andre stader. Men det var ikkje betre der, og i tillegg var det endaa meir verhardt. Etter ein storstorm miste me 30 tøiner ved Smørstakk. Det var mest halvparten av bruket, og me reiste heim og har aldri seinare vore der paa hummarfiske.

Radio til aa høyra vermelding paa var det ingen som hadde, so det hende rett som det var at me vart overraska av uver.

-Hausten 1933 hadde me og to andre baatar hefraa angra opp ved Risøya utenfor tjernagel. Der var brukande havn i autligt og sydligt ver. Men kom det nordvest var det reine livsfaaren.

Ein laurdag tok det til med sterk vind fraa sydlig kant, og ettersom han var so "ryykjen" i luta frykta eg at det vilde koma nordvest. Me sette derfor opp i ein liten holme eit nytt tog me hadde med oss. Dette bærga oss trulegt fraa forlis. For om kvelden i 10-11 tida kom det nordvest storm. Det blei orkanaktigt. Humrakassarne ~~xxxxxx~~ maatte me drga om bord aa setja dei ned i rommet. Motoren maatte me setja i gang for at ikkje toget skulde slitna, isofall hadde me truleg ikkje kunna bærga oss. Dei to andre baatarne rak paa land. Etter den natta fekk me ein stygg støkk for nordvest vind. Me har ikkje vore paa humrafiske paa den staden seinare. So dei som budde der og sjølv dreiv med humrafiske dei lika nokk nordvesten toleg godt. Sinare same hausten laag me ei helg paa Langevåg paa Bømla. Det var ein still og fin sundag, og utpaas dagen komdet nokre gutter i 10 aarsaldrën ombord til oss. Dei az sat ei stund ombord, og svara paa slikt me gjerne vilde veda.

etterom det vart slutt paa humoren ute i fjorden. Flytte me litt innover i fjorden slik dag for dag. Til slutt var me komne like inn til Ålen. For min part hadde eg featt ein slik ulidelig klede. Eg minte det maaette vera skabb. Daan eg sa dette med brev min visste det meg at han og hadde skabb. Ne vart einige om at me maaette til Leirvik til doktor. Ne drog defor opp teinerne og reiste til leirvik. Men det vart foresint en gaa til doktor denne dagen. Det laut verre til neste dag. Og ne sat om kvelden i lugaren og arbeidde paa spiller til nye teiner. Straks for me skulde leggeja oss tok det som varlegt til en kis, og eg tok meg opp paa rakkjen, den kjende og liksom noke under firgen. Eg tok dette og sagg paa dat. Det var mit lita gult dyr, og det hadde ein mørk flekk paa ryggen. Dat mante vera ei lus. Eg visste lusa til brev min, og ne vart snart einige om at det maaette vera dei gutarne som hadde vera ombord hjas oss som hadde høvt smitten med seg.

